

Gloppen kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 16.09.2015
Møtestad: Gloppen heradshus, formannskapssalen
Møtetid: Kl. 10:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sakene 022-023/15,
revisor i sakene 024-026/15

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, tlf: 57612785 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
020/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/15	Skriv og meldingar 4-2015
022/15	Rådmannen informerer om oppfølging av Fylkesmannen sin rapport - Samhandling om utskrivning av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen
023/15	Rådmannen orienterer om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap
024/15	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2015
025/15	Tinging av forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma - erfaringar
026/15	Tinging av eigarskapskontroll
027/15	Reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval
028/15	Budsjett for Gloppen kontrollutval 2016
029/15	Oppfølgingsliste 4-2015
030/15	Eventuelt

Med helsing

Bjarne Bø
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 020/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/410
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 021/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/359
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 4-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	10.07.2015	Sak 027/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten om vedlikehald av kommunal eigedomsmasse	15/1257
2	16.06.2015	Sak 029/15 Statusrapport for 1. tertial 2015, handsama i kommunestyret 15.6.2015	15/1193
3	16.06.2015	Sak 030/15 Rekneskapen for 2014 - Inndekking av underskotet, handsama i kommunestyret 15.6.2015	15/1194
4	10.07.2015	Sak 032/15 Forvaltningsrevisjon: Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen	15/1256
5	16.06.2015	Sak 036/15 Framtidig drift og organisering av Gloppenstasjonane - fullmakt til styret i Gloppen Energi AS, handsama i kommunestyret 15.6.2015	15/1196
6	16.06.2015	Sak 044/15 Politisk organisering for perioden 2015-2019, handsama i kommunestyret 15.6.2015	15/1197

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



SEKOM-sekretariatet
Postboks 338

6802 FØRDE

Att: Audhild Ragni Vie Alme

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
15/8604

Dato
10.07.2015

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten om vedlikehald av kommunal eigedomsmasse

Eg viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 10/15.

Rådmannen la orienteringa om oppfølging av revisjonsrapporten om vedlikehald av eigedomane våre fram for kommunestyret den 15. juni i år slik kontrollutvalet her bede om.

Utskrift av kommunestyret si møtebok i sak 27/15 ligg ved.

Med helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
tlf. 476 21 981

Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
249631	Statusrapport for oppfølging av revisjonsrapporten for vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune

Kopi til:

Internt til: Odd Arne Kolseth



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	027/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Odd Arne Kolseth	Objekt: Arkiv: 61	Arkivsaknr.: 14/200-7
--	------------------------------------	---------------------------------

Statusrapport for oppfølging av revisjonsrapporten for vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Rapporten frå kommunerevisjonen er tinga av kontrollutvalet i sak 018/13 som ein del av «Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015», vedteken av kommunestyret i sak 080/12.

Rapporten viser at eigdomsavdelinga gjer ein god jobb i det daglege arbeidet med å ivareta den kommunale bygningsmasse. Brukarane av bygga er stort sett godt fornøgde, og rapporteringa til politikarane har vore bra. Vi har vore heldige å fått eit driftsbudsjett kvart år som har gjort det muleg å utføre det daglege vedlikehaldet, samstundes som vi har fått teke igjen mykje forsømt vedlikehald.

Det som er mangelfult, og som denne rapporten stadfestar, er den mangelfulle overordna og langsiktige planlegging av vedlikehaldsoppgåver

Anbefalingane (kulepunkt på side 4) i rapporten seier at:

- *Det bør definerast og vedtakast eit målbart ambisjonsnivå for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Tilstandsgrad kan til dømes vurderast brukt som ein målvariabel.*
- *Nivået på den årlege vedlikehaldskostnaden bør fastsetjast ut frå ei vurdering av kva ambisjonsnivå som er akseptabelt for kommunen når det gjeld tilstanden på bygningane.*
- *Det bør utarbeidast avtaler som regulerer ansvarstilhøva mellom eigdomsavdelinga og dei einskilde brukar av kommunalt disponerte bygningar*
- *Kommune bør vurdere å utarbeide ein politisk forankra strategi for realkapitalforvaltning.*
- *For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit vedlikehaldsfond.*
- *Kommunen bør vurdere ei trinnvis implimentering av kvalitetsstandarden NS-INSTA 800 for sikring og måling av kvalitetsnivået på reinhald, parallelt med at datavektøyet «Renplan» tas i bruk.*

Kommunestyret hadde rapporten på saklista i møte 03.11.2014 og ba om at administrasjonen følgje opp anbefalingane på side 4 i rapporten og legge fram status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 05.03.2015.

Rådmannen ved eigedomssjefen møtte i kontrollutvalet 18.03.2015 for å orientere utvalet om status for arbeidet med oppfølging av anbefalingane i forvaltningsrapporten ved vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune.

Kontrollutvalet sitt vedtak i sak 10/15:

Rådmannen sin orientering om status for arbeidet med oppfølging av anbefalingar i forvaltningsrevisjonsrapporten – vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, vert teken til vitande.

Kontrollutvalet ber rådmannen gi tilsvarande orientering til kommunestyret.

Som rådmannen skriv i si vurdering i saka, stadfesta rapporten det vi alt veit om manglande overordna og langsiktig planlegging av kommunen sitt vedlikehaldsarbeid. Dette er eit arbeid som må utførast av oss sjølv innanfor dei ressursane vi har. Eigedomsavdelinga er ein del av teknisk sektor og der er stor aktivitet i heile sektoren både på driftssida og prosjekt. Ressursane er for tida ikkje tilpassa aktiviteten, så rådmannen ser ikkje ei snarleg løysing på å kunne frigjere ressursar til dette arbeidet.

Sjølv om vi ikkje har fått starta opp arbeidet med overordna og langsiktig planlegging av kommunen sitt vedlikehaldsarbeid, har vi arbeidd kontinuerlig med å heve tilstanden på bygningane, samt utvikle bygga i takt med driftsbehova til brukarane våre.

Kommentar til anbefalingane frå revisjonen:

- **Kulepunkt 1** «*Det bør definerast og vedtakast eit målbart ambisjonsnivå for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Tilstandsgrad kan til dømes vurderast brukt som ein målvariabel*»
 - Ikkje starta.
- **Kulepunkt 2** «*Nivået på den årlege vedlikehaldskostnaden bør fastsetjast ut frå ei vurdering av kva ambisjonsnivå som er akseptabelt for kommunen når det gjeld tilstanden på bygningane*»
 - Ikkje starta.
- **Kulepunkt 3** «*Det bør utarbeidast avtaler som regulerer ansvarstilhøva mellom eigedomsavdelinga og dei einskilde brukar av kommunalt disponerte bygningar*»
 - Der er gjort tilpassingar/avtale mellom brukar (budsjettansvarleg) og eigedomssjefen for budsjettering av tenestene. Dette gjeld i all hovudsak fordelinga av kostnader ved innkjøp av driftsmidlar og gjeld både reinhalds- og vaktmeistertenester. Budsjetteringa syner også kva tenester vi tilbyr og kva som er brukartenester
 - Der pågår no utarbeiding av avtale mellom brukarane og reinhaldgruppa som viser konkret kva reinhald som skal utførast og fordeling av praktiske arbeidsoppgåver. Desse avtalane vil vere eit avgjerande dokument for å ivareta eit godt innemiljø og arbeidsmiljø for alle
 - Der må utarbeidast avtalar innanfor dagleg drift av el.anlegg. Dette er ikkje på plass, men vil verte ein del av internkontrollsystemet som skal utarbeidast for avdelinga.
- **Kulepunkt 4** «*Kommunen bør vurdere å utarbeide ein politisk forankra strategi for realkapitalforvaltning*»

- Rådmannen meiner at vi i dag har politisk forankra strategi realkapitalforvaltninga ettersom vi arbeider etter vedtekne budsjett for både drift og investering for 4 års-periodar
 - Driftsbudsjettet som har vore drifta etter dei siste åra har dekkja dei faste, daglege utgiftene. I tillegg har vi fått etablert ein udefinert vedlikehaldspott på 1,3 mill som vert nytta til uforutsette hendingar og ekstraordinært vedlikehald på kommunale bygg
 - Investeringsbudsjettet har dei seinare år gitt oss høve til å oppgradere bygningsmassen til kommunen ved å løyve mindre prosjekt. «Ny» vestvegg på idrettsbygget i Hyen i 2014 er eit godt eksempel på dette.
- **Kulepkt 5** *«For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit vedlikehaldsfond»*

- Som nemnt over har vi fått etablert ein udefinert vedlikehaldspott på 1,3 mill som vi kan nytte til uforutsette hendingar og ekstraordinært vedlikehald på kommunale bygg. Denne vert nytta til driftsoppgåver som ikkje er muleg å planlegge, og som er nødvendig å utføre omgåande. Dette er kostnader som vi ikkje har innbaka i det ordinære driftsbudsjettet. I 2014 nytta vi vedlikehaldspotten til mellom anna oppussing av leiligheter som skifta leigetakar, skifting av yttertak etter lekkasjar, pålegg etter tilsyn, driftsbrot på tekniske anlegg, ominnreiing på grunn av endra drift.

Det er svært viktig for oss å ha ein vedlikehaldspott som ikkje er øyremerka. Dette for å kunne utføre akutte arbeidsoppgåver utan å måtte vente på budsjettendring/tillegg. Det gir oss vesentleg større handlefridom enn om vi berre hadde eit driftsbudsjett som dekkja dei kjende, daglege kostnadane.

Om kommunen vil etablere eit vedlikehaldsfond eller om vi skal fortsette med ein pott som i dag, kan vere vanskeleg å seie. Det viktigaste er at pengane er «lette» å hente ved ei uønskt hending.

- **Kulepkt 6** *«Kommunen bør vurdere ei trinnvis implimentering av kvalitetsstandarden NS-INSTA 800 for sikring og måling av kvalitetsnivået på reinhald, parallelt med at datavektøyet «Renplan» tas i bruk»*
- Vi er i gang med å utarbeide ein «Gloppen-modell» av INSTA 800 etter modell frå Bergen kommune. Vi har hatt tett samarbeid med Marit Vik som er reinhaldskonsulent i Bergen kommune.
- Vi har lagt alle golvareala inn i «Renplan-programmet» for å dokumentere ressursbehovet. Dette er avslutta og viser at vi har rett ressurs oppimot dagens vaskeareal.

Avslutningsvis kan det nemnast at vi meiner å ha god kontroll på tilstanden til dei kommunale bygga. Det har vore utført eit betydeleg løft, spesielt utvendig vedlikehald på bygga. Det er også utført betydelege energisparande tiltak på bygga, som har resultert i eit mindreforbruk på 500.000 kWh i 2014 i forhold til 2013.

Vi har likevel betydelege oppgåver føre oss for å betre innemiljøet og for å tilpasse bygningsmassen til den utviklinga som heile tida er innanfor dei ulike tenestene som skal driftast i bygga.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret tar rådmannen si melding om status for arbeidet med oppfølging av anbefalingar i forvaltningsrevisjonsrapporten – vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune til orientering.

15.06.2015 KOMMUNESTYRET

027/15 VEDTAK:

Kommunestyret tar rådmannen si melding om status for arbeidet med oppfølging av anbefalingar i forvaltningsrevisjonsrapporten – vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Helse- og omsorgsutvalet	26.05.2015	019/15
Kultur- og miljøutvalet	26.05.2015	020/15
Teknisk og landbruksutvalet	26.05.2015	027/15
Oppvekstutvalet	26.05.2015	010/15
Formannskapet	09.06.2015	062/15
Kommunestyret	15.06.2015	029/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 212	Arkivsaknr.: 15/687-2
---	-------------------------------------	---------------------------------

Statusrapport for 1. tertial 2015

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
248809	Tertialrapport 1 - 2015

Bakgrunn for saka:

Som vanleg legg rådmannen fram ein rapport for 1. tertial til mai-møta i hovudutvala.

Rådmannen har laga ein samla rapport for alle sektorane, pluss oversikter over skatteinngang, bruk av disposisjonsfond og sjukefråværet.

Når det gjeld sjukefråværet kan det leggst fram detaljerte tal for kvart ansvar i budsjettet. Mange av ansvara har så få tilsette at slike detaljerte rapportar ikkje kan leggst fram i opne saker og drøftast i opne møte.

Sjukefråværet er aukande, men ikkje urovekkande.

Rådmannen sin hovudkonklusjon for 1. tertial er at det meste går som planlagt. Vi har – til liks med resten av landet – ein skattesvikt, som så langt ikkje er dramatisk. Det er likevel all grunn til å følgje med vidare.

Drifta av kommunen er svært stram slik budsjettet forutset. Det er derfor ikkje noko enkel sak å gjennomføre tiltak straks for å kutte utgifter. Ein eventuell slark i budsjettet er teken vekk for lenge sidan.

Lønnsveksten i 2015 ser ut til å bli litt lavare enn rekna med. Dette er positivt for utgiftssida og ikkje fullt så positivt for skatteinngangen.

Rådmannen legg saka fram til orientering.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret tar rapporten for 1. tertial til orientering.

26.05.2015 OPPVEKSTUTVALET

010/15 VEDTAK:

Oppvekstutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

26.05.2015 KULTUR- OG MILJØUTVALET

020/15 VEDTAK:

Kultur- og miljøutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

26.05.2015 TEKNISK OG LANDBRUKSUTVALET

027/15 VEDTAK:

Teknisk og landbruksutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

26.05.2015 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

019/15 VEDTAK:

Helse- og omsorgsutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

09.06.2015 FORMANNSKAPET

062/15 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

15.06.2015 KOMMUNESTYRET

029/15 VEDTAK:

Kommunestyret tar rapporten for 1. tertial til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Tertialrapport 1 - 2015

1.tertial (januar-april 2015)

Denne rapporten viser skatteinngangen, lønnsrekneskapen, status for disposisjonsfondet, hovudtala for kvart budsjettområde og sjukefråværet den fire første månadene i 2015

Innleiing

Gloppen kommune har vore utan økonomisjef i store deler av 1. tertial 2015. Av den grunn er punktet om låneoversikten ikkje med i rapporten. Låneopptaket etter 2015-budsjettet på vel 41,2 millionar til investeringar er lagt ut på anbod på Doffin (den offentlege innkjøpsbasen).

Rapporten inneheld desse hovudpunkta:

1. Skatteinngangen
2. Lønnsrekneskapen – samla for alle budsjettansvar
3. Status for disposisjonsfondet
4. Hovudtal frå kvart hovudutvalsområde
5. Sjukefråværet på kvart hovudutvalsområde

1. Skatteinngangen

Månad	Budsjett Akkumulert	Budsjett per månad	Budsjettert inngang i % akkumulert	Faktisk inngang	Faktisk inngang akkumulert	Budsjett- oppnåing i %	Avvik i høve til budsjett akkumulert
januar	15 492	15 492	12	15 499	15 499	12,01	7
februar	16 783	1 291	13	912	16 412	12,71	-370
mars	38 730	21 947	30	21 882	38 294	29,66	-435
april	40 021	1 291	31	919	39 214	30,38	- 806

Alle beløp i 1.000 kroner.

Vi ser av tabellen at vi per 1. tertial har ein skattesvikt på vel 800.000 kroner. Skattesvikten rammar så godt som alle kommunane i landet og skuldast hovudsakleg at regjeringa sitt framlegg – som også vi har lagt til grunn i budsjettet – ser ut til å vere for optimistisk. Årsaka er lavare lønnsvekst enn rekna med og verknaden av endra reglar for uføretrygd.

Gloppen kommune får kompensert 896.000 av skattesvikten. Dette er for heile året. Beløpet dekkjer svikten dei fire første månadene.

2. Lønnsrekneskapen samla

Månad	Budsjett Akkumulert	Budsjett per månad	Budsjettert lønn i % akkumulert	Samla lønnsutgift	Faktisk lønnsutgift akkumulert	Sjukelønnsref. akkumulert	Sjukelønnsref. per månad	Faktisk forbruk i % korrigert for refusjon	Avvik i høve til budsjett akkumulert
januar	27 962	27 962	8,98	30 405	30 405	-973	-973	9,45	1 469
februar	57 169	29 207	18,36	31 177	61 583	-2 126	-1 152	19,09	2 286
mars	85 132	27 962	27,34	29 699	91 283	-3 130	-1 003	28,31	3 020
april	113 094	27 962	36,32	29 820	121 103	-5 393	-2 263	37,16	2 615

Alle beløp i 1.000 kroner.

Samla sett ligg vi etter 4 månader 2,6 mill. høgare i lønn enn budsjettert. Ein god del av meirforbruket skuldast at vi har fordelt ut for mykje pensjonskostander dei fem første månadene. Dette vi bli retta opp utover året.

Fordelt sektorvis, er avvika slik:

2.1 Sektorvise avvik

	Januar	Februar	Mars	April
Formannskapet	242	416	536	560
Oppekstutvalet	474	677	1 537	1 878
Helse- og omsorgsutvalet	567	-216	-607	-1 527
Teknisk og landbruksutvalet	187	1 423	1 538	1 562
Kultur- og miljøutvalet	-1	-13	17	143
Sum avvik	1 469	2 287	3 021	2 616

Alle beløp i 1.000 kroner.

Formannskapet

Avviket skuldast periodisering. Verknadene av budsjettert personellreduksjon i stab og støtte slår ikkje inn før i 2. tertial. Stab og støtte ligg med dagens bemanning innanfor lønnsbudsjettet året sett under eitt.

Oppvekstutvalet

Meirforbruket på lønn i oppvekstsektoren skuldast fleire ting. Sjukefråværet har vore høgt, og bemanninga er planlagd så lågt at det i regelen må setjast inn vikarar. Enkeltvedtak knytte til styrka tiltak/spesialundervisning har auka ein del meir enn budsjettert og Gloppen opplæringscenter sel noko meir tenester enn planlagt. Sjølv om vi får refusjonar/inntekter (som heller ikkje er budsjetterte) på ein del av desse lønnsutgiftene, viser ikkje det att når ein tek ut ein rapport berre på lønnsutgifter. Effekten på botnlina i sektoren er difor langt mindre enn det tala i tabellen over kan gje inntrykk av.

Helse- og omsorgsutvalet

Innan helse- og omsorgsutvalet sitt budsjettområde er forbruket som budsjettert. Tala i tabellen for sektorvise avvik er korrigert for sjukelønnsrefusjonar og viser difor eit underforbruk på kr 1.527 mill.

Teknisk og landbruksutvalet

Avviket skuldast utbetalinga av brannvernlønn for 2014 i februar med 1,36 mill.

3. Status på disposisjonsfondet

	Inngående balanse	Bruk/avsetting	Utgående balanse
Per 31.12.2014	14.587.890		
Brukt i årsbudsjettvedtaket for 2015		2.119.000	
Til dekking av underskotet i 2014		1.416.306	
K-sak 16/15 (avtalar med Helse Førde)		50.000	
		3.585.306	11.002.584

I inngående balanse er ikkje den delen av disposisjonsfond som gjeld ikkje innbetalt rente på kommunen sitt lån til Gloppen Energi AS teke med. Dette «disposisjonsfondet» utgjer ved siste årsskiftet 14.999.612,50.

4. Hovudtal frå kvart hovudutvalsområde

Lønnsforbruket netto bør ligg mellom 36 og 37 % etter første tertial.

4.1 Formannskapet sitt budsjettområde

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	%- forbruk
10 Lønn og sosiale utgifter	7.550.180	18.143.000	42
11 Driftsutgifter	2.139.105	7.144.000	30
12 Utstyr m m	398.594	930.000	43
13 Kjøp av kommunale tenester	594.716	3.735.000	16
14 Overføringar	959.278	2.878.000	33
15 Finansieringsutgifter	92.757	295.000	31
Sum utgifter	11.734.630	33.125.000	35
16 Salsinntekter	-756.557	-3.182.000	24
17 Refusjonar	-991.538	-4.714.000	21
19 Finansieringsinntekter	-136.442	-470.000	29
Sum inntekter	-1.884.536	-8.366.000	23
TOTALT	9.850.094	24.759.000	40

Det høge forbruket på post 12 – driftsutgifter, gjeld utgifter til cruiseutgreiing og «manglande» periodisering av utgifter til forsikringsmekling.

Avvik på lønn er gjort greie for i pkt 2.1.

4.2 Oppvekstutvalet sitt budsjettområde

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	%- forbruk
10 Lønn og sosiale utgifter	42.992.295	108.351.000	40
11 Driftsutgifter	6.172.612	14.691.000	42
12 Utstyr m m	257.914	1.876.000	14
13 Kjøp av kommunale tenester	5.574.552	17.091.000	33
14 Overføringar	1.260.577	3.647.000	35
15 Finansieringsutgifter	0	25.000	0
Sum utgifter	56.257.949	145.681.000	39
16 Salsinntekter	-2.390.898	-6.505.000	37
17 Refusjonar	-4.788.664	-15.159.000	32
18 Overføringar	-6.000	0	0
19 Finansieringsinntekter	0	-2.203.000	0
Sum inntekter	-7.185.562	-23.867.000	30
TOTALT	49.072.388	121.814.000	40

Oppvekstsektoren er ekstremt lønnstung, og det er også lønn (gruppeart 10) som gjer at sektoren har eit lite meirforbruk. Ei viktig årsak til meirforbruket er at pensjonspremien til KLP ser ut til å vere om lag 32 % høgare enn budsjettet. Berre på barnehageområdet gjev dette eit meirforbruk så langt i år på kring 350 000. Pensjonspremien er lågare resten av året, så dette vil sjå betre ut ved årsskiftet. Lønnsprosenten etter fyrste tertial burde vore under 37 % når sjukelønsrefusjonen er rekna med, men med sjukelønsrefusjonen inne ligg gruppeart 10 med eit forbruk på 38 %. Dette kjem av at vi for å dekkje opp vakansar har måtte bruke vikarar med høgare formell kompetanse og difor høgare lønn enn den som har vore langtidssjukmeld og at sjukelønsrefusjonen ikkje dekkjer alle lønskostnadene til den sjukmelde. Vi får heller ikkje sjukelønnsrefusjon for kortare fråver som td. influensa. I tillegg kjem at vi har eit par tilsette meir enn budsjettet knytt til enkeltvedtak og ved GOS som sel noko meir tenester enn budsjettet og soleis tek innatt meirkostnaden. Fleire av enkeltvedtaka får vi refusjon for frå andre kommunar, men denne refusjonen vert ikkje førd i rekneskapen før til sommaren. Vi har også fått ein del nye elevar (familegienforeining) og det er viktig å setje inn ressursar kring desse borna når dei kjem, slik at dei får den hjelpa dei treng. Samla sett har sektoren høgare lønnsutgifter enn den burde, men dette skuldast oppgåver vi må løyse og ei utfordring med høgare pensjonsinnbetalingar. Førebels er det likevel god von om at vi skal kunne hale det i land nokon lunde innanfor ramma på botnlina. Vi må likevel vere nøye på å ikkje setje inn vikarar anna enn der det er absolutt naudsynt.

Gruppeart 11 (driftsutgifter) ligg også for høgt, men skal gjere det. Hovudårsaka her er husleigebetaling til Trivselshagen IKS der vi betaler 75 % av leiga i januar. Lokala i Grandane senter (PPT, barnevern, helsestasjon og psykolog) vert det betalt leige for kvartalsvis på forskot, så også denne leiga er for høg i denne rapporten. Hadde budsjettet vore rett periodisert, ville vi framstått med eit lite mindreforbruk på denne gruppearten.

Gruppeart 12 (utstyr mm) ligg svært lågt og skal gjere det på denne tida av året. Grunnen er at brorparten av desse utgiftene kjem i samband med oppstarten av nytt barnehage- og skuleår.

Gruppeart 13 er i hovudsak finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Her ligg vi temmeleg nøyaktig på budsjett, men korleis borna fordeler seg på dei ulike barnehagane frå hausten kan endre dette. Ei eventuell etterbetaling for 2014 til dei ikkje-kommunale barnehagane vil også kunne endre dette i negativ lei. Salsinntektene (betaling for barnehageplass i kommunale barnehagar) ligg marginalt over budsjett. Det er i hovudsak desse inntektene og salsinntektene frå SFO-ordningane som framkjem på gruppeart 16.

Gruppeart 17 består av refusjonar og tilskot frå staten og andre, sjukelønsrefusjon og mva-kompensasjon. At vi ligg så lågt her skuldast i hovudsak uteståande refusjonar ma på GOS og Annekset. Refusjonsordninga for tiltaket på Annekset vart lagd om i fjor, men vi meiner at budsjettet er reelt.

Botnlina for sektoren ligg marginalt over målalet når vi reknar inn uteståande refusjonar. Det er difor god grunn til å halde eit vake auge med utviklinga ut gjennom året. På alle einingar gjer vi vårt beste for å bruke minst mogeleg tilsette, men tilbodet skal vere både forsvarleg og godt. Dei tilsette strekkjer seg langt, men låg bemanning kan vere medverkande til eit høgare sjukefråvær enn ynskjeleg. Med det vi kjenner til no, er det likevel god von for at vi skal kunne levere ein rekneskap der botnlina er innanfor budsjett.

4.3 Helse- og omsorgsutvalet sitt budsjettområde

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	%- forbruk
10 Lønn og sosiale utgifter	53.172.354	142.127.000	37
11 Driftsutgifter	3.554.654	10.949.000	32
12 Utstyr m m	626.499	2.600.000	24
13 Kjøp av kommunale tenester	2.503.288	10.697.000	23
14 Overføringer	2.044.092	6.577.000	31
15 Finansieringsutgifter	72.000	100.000	72
Sum utgifter	61.972.887	173.050.000	36
16 Salsinntekter	-2.737.808	-8.483.000	32
17 Refusjonar	-4.577.138	-9.835.000	47
18 Overføringer	-812.536	-983.000	83
19 Finansieringsinntekter	-121.979	-110.000	111
Sum inntekter	-8.249.461	-19.411.000	43
T O T A L T	53.723.426	153.639.000	35

Utgifter:

Lønn og sosiale utgifter: Forbruksprosenten skal normalt sett ligge på 36,88 %, så her er forbruket som budsjettert.

Driftsutgifter og utstyr m m: Her ligg ein under normal forbruksprosent. Utgifter til materiell og utstyr er ikkje jamt fordelt utover året og store utgifter vert ført når fakturaer er mottekne av Gloppen kommune.

Kjøp av kommunale tenester og overføringer: Underforbruket skuldast føring av utgifter i etterkant av at tenestene er ytt. Fakturaene kjem periodevis og føringane vert difor ikkje fordelt på rett månad.

Inntekter:

Refusjonar: Det vert ikkje budsjettert med sjukelønnsrefusjonar, difor har ein større inntekter enn budsjettert på denne arten.

Overføringer: Her det overføringer som kjem som store eingangsbeløp.

Finansieringsinntekter: Det vart overført ressursar frå 2014 på slutten av året som ikkje var lagt inn i budsjettet. Dette kjem i tillegg til budsjettert sum.

4.4 Teknisk og landbruksutvalet sitt budsjettområde

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	%- forbruk
10 Lønn og sosiale utgifter	11.605.752	27.678.000	42
11 Driftsutgifter	5.458.417	15.340.000	36
12 Utstyr m m	6.385.420	26.420.000	24
13 Kjøp av kommunale tenester	1.444.646	8.312.000	17
14 Overføringar	2.024.685	7.366.000	27
15 Finansieringsutgifter	0	4.378.000	0
Sum utgifter	26.918.919	89.494.000	30
16 Salsinntekter	-13.680.542	-46.616.000	29
17 Refusjonar	-3.216.683	-10.467.000	31
19 Finansieringsinntekter	0	-4.919.000	0
Sum inntekter	-16.897.225	-62.002.000	27
TOTALT	10.021.694	27.492.000	36

Ikkje noko spesielt å nemne utover at det er utbetalt brannvernlønn for 2014, og sidan denne utbetalinga ikkje er periodisert i denne tabellen vil dette vise igjen for 1.tertial.

4.5 Kultur- og miljøutvalet sitt budsjettområde

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	%- forbruk
10 Lønn og sosiale utgifter	5.782.502	15.084.000	38
11 Driftsutgifter	6.850.598	11.295.000	61
12 Utstyr m m	361.357	725.000	50
13 Kjøp av kommunale tenester	97.123	45.000	216
14 Overføringar	6.092.047	8.796.000	69
15 Finansieringsutgifter	0	244.000	0
Sum utgifter	19.183.626	36.189.000	53
16 Salsinntekter	-2.268.374	-12.854.000	18
17 Refusjonar	-1.801.619	-4.997.000	36
Sum inntekter	-4.069.993	-17.851.000	23
TOTALT	15.113.634	18.338.000	82

Kultursektoren omfattar mange tenester, og på dei fleste områda er det ikkje spesielle avvik å melde i denne rapporten, med unntak av utgiftene til pensjon, som ligg høgare enn det som er budsjettet. I 2015 har det kome til nye tenester; næringssjef, rådgjevar for samfunnsutvikling og folkehelsekoordinator.

11 - På driftssida er husleiga for lokala i Trivselshagen alt tilvist ein stor del av, noko som gjer at alle dei tenestene som omfattar dette ligg høgt no.

13 - gjeld kjøp av lyd og –lystenester/teknikarar til kultursalen. Dette er utgifter som blir fakturert til leigetakar og er dermed inntekter og utgifter som skal stort sett gå i null. Denne summen er høgre grunna at stort sett alle lyd og lystenester no vert fakturert frå oss og ikkje frå teknikarane.

14 - Heile det budsjetterte beløpet til Den norske Kyrkja (fellesrådet) er tilvist, i motsetning til tidlegare år, då dei fekk dette utbetalt pr. mnd.

16 - Inntektene for kino, kulturhuset og symjeanlegget er knytt til publikumsbesøk, og vil såleis alltid vere uvisse. Sal av årskort før årsskifte vil her gje utslag på vårparten.

17 - Kulturskulen og biblioteket ligg om lag der dei skal. Refusjonar og inntekter frå desse tenestene blir ført ujamt i løpet av året.

Elles er det viktig å vere merksam på at inntekts- og utgiftspostane på fleire tenesteområde er knytt til periodisering og refusjonar som kjem ein gong i året, og dette gjer at denne rapporten ikkje gjev eit fullgodt bilete av situasjonen.

5. Sjukefråværet

Måltallet for sjukefråværet er eit nærvær på 95 %. Det betyr at vi ikkje oppnår måltallet viss sjukefråværet er høgare enn 5 %.

Samla sjukefråvær dei fire første månadene:

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal	tilsette i %	tal	tilsette i %
Kvinner	528	6,7	85	0,3
Menn	132	4,7	19,8	0,2
I alt	660	6,2	104,8	0,3

Samla sjukefråvær i første tertial er altså 6,2 %.

5.1 Formannskapet sitt budsjettområde

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal	tilsette i %	tal	tilsette i %
Kvinner	21	7,5	3,2	0,2
Menn	18	11,1	4	0,4
I alt	39	9	7,2	0,3

Sjukefråværet er vesentleg høgare enn normalt. Fleire av dei sjukemelde er no på veg tilbake i jobb. Sidan sektoren er så liten, kan det ikkje seiast meir om dette er i eit ope dokument.

5.2 Oppvekstutvalet sitt budsjettområde

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal	tilsette i %	tal	tilsette i %
Kvinner	193	7,2	51,2	0,4
Menn	38	5,1	12,9	0,5
I alt	231	6,8	61,4	0,4

Fleire einingar har mindre nærvær enn måltallet på 5 %. Årsakene til dette er nok samansette, men både i skule og barnehage var mange borte nærare ei veke grunna influensaen denne vinteren. Dei tilsette i desse tenestene har eit arbeid som medfører stor kontakt med menneske, og dei er nærast garanterte å bli smitta av dei smittsame sjukdomane som fins i bygdene våre. Særleg innan barnehageområdet har nærværet vore lågt denne perioden. Fleire einingar har kronikarar og langtidssjukmelde. Desse sjukmeldingane/sjukdomsbileta har så langt vi kjenner til ingenting med arbeidsstaden/-situasjonen å gjere. Mange tilsette møter på jobb, sjølv om dei er litt sjuke fordi dei veit at det ofte ikkje vert sett inn vikar. Dette kan føre til lengre sjukdom om dei til slutt må gje etter. Når tilsette er borte og vi ikkje set inn vikar, anten det er av di det ikkje let seg gjere å skaffe nokon eller vi vurderer at det let seg gjere utan, medfører dette ei meirbelastning for dei som er på jobb. For nokre kan nok den belastninga verte for stor, med påfylgjande fråvær. Leiarane i sektoren legg ned stor innsats i nærværarbeidet og vi trur det verkar. Med det vi veit no, skal nærværet vere monaleg høgare i neste tertialrapport.

5.3 Helse- og omsorgsutvalet sitt budsjettområde

	Samla frávær		Frávær for sjuke barn	
	tal tilsette	i %	tal tilsette	i %
Kvinner	283	6,3	29,6	0,2
Menn	39	6,7	0,9	0
I alt	322	6,4	30,5	0,2

Sjukefráværet i sektoren varierer frå 1,3 til 13,6. I eit par einingar har ein høgt frávær og her arbeider einingsleiar med fokus på dette. Nokre einingar har få tilsette og difor vil fráværsprosenten verte høg når nokon har sjukefrávær. I dei fleste einingane ligg fráværsprosenten mellom 3-5,5%.

5.4 Teknisk og landbruksutvalet sitt budsjettområde

	Samla frávær		Frávær for sjuke barn	
	tal tilsette	i %	tal tilsette	i %
Kvinner	21	6,1	0	0
Menn	33	0,8	2	0,1
I alt	54	2,6	2	0,1

Ligg godt an i høve til målsettinga med eit sjukefrávær under 5 %. Det har vore tre personar med langtidssjukemelding i 1. tertial, som då er med på å trekke opp fráværsprosenten.

5.5 Kultur- og miljøutvalet sitt budsjettområde

	Samla frávær		Frávær for sjuke barn	
	tal tilsette	i %	tal tilsette	i %
Kvinner	27	5,6	1	0,1
Menn	36	0,7	0	0
I alt	36	3,9	1	0,1

Kultursektoren har til vanlege eit svært lågt sjukefrávær. I dette kvartalet har vi ein sjukmeld i ei av avdelingane. Sidan sektoren er så liten, kan det ikkje seiast meir om dette er i eit ope dokument.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.06.2015	063/15
Kommunestyret	15.06.2015	030/15

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 212	14/1698-12

Rekneskapen for 2014 - inndekking av underskotet

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
249142	Rekneskap 2014
249143	Pensjonsnote 2 - KLP
249144	Pensjonsnote 2 - SPK

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2014 er no klar til politisk behandling. Det er lovfesta at rekneskapen skal behandlast av kommunestyret innan utgangen av juni kvart år, etter at denne er revidert og behandla av kommunen sitt kontrollutval.

Saksutgreiing:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2014 er gjort opp med eit underskot på kr 1.318.223,10.

Rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på nesten 5,9 millionar. Vi er såleis langt frå målet om eit driftsresultat på 3-3,5 % av driftsinntektene. Talet for 2014 er minus 1,2 %.

Årsaka til at underskotet er mindre enn driftsresultatet er sjølv sagt bruk av fond.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Rekneskapen i seg sjølv har ingen økonomiske konsekvensar. Underskotet på 1,3 mill. må dekkast inn av disposisjonsfondet, som ved siste årsskiftet har ein saldo på knapt 14, 6 millionar. Av dette er knapt 2,2 mill. disponert i 2015-budsjettet.

Dette gir slik endring i 2015-rekneskapen på teneste 89900 – Årets rekneskapsmessige meirforbruk/mindreforbruk:

Art	Ansvar	Teneste	Beløp
15300	9000	89900	+ kr 1.320.000
19400	9000	89900	+ " 1.320.000

Art er type utgift/inntekt: 15300 dekking av underskot – 19400 bruk av disposisjonsfond. Ansvar 9000 er finansieringsansvaret.

Rådmannen si vurdering:

Det kom tydeleg fram under arbeidet med 2015-budsjettet at driftsnivået i 2014 var for høgt med dei løpande inntektene vi har. Fleire tiltak vart sett i verk for å ta ned drifta, og rådmannen legg til grunn at vi ikkje har med oss eit stort overforbruk inn i 2015.

Vi har hatt stor fokus på den økonomiske drifta av kommunen i mange år, og dette må vi sjølv sagt halde fram med.

I 2014-rekneskapen er det inntektsført vel 3 millionar i rente på utlånet kommunen har gjeve til Gloppen Energi AS. Dette beløpet er ikkje teke inn i drifta, men avsett på eit eige fond.

Det har vore utfordrande og arbeidssamt å avslutte rekneskapen utan økonomisjef, men rådmannen meiner vi har greidd dette på ein god måte. Som det går fram av revisjonsmeldinga, har revisor – som har vore til god hjelp – ingen merknader til rekneskapen.

Som sagt blir underskotet på 1.318.223,10 dekkja av disposisjonsfondet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Uttale til rekneskapen for 2014

Årsrekneskapen 2014 for Gloppen kommune er handsama i kontrollutvalet 5.6.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Den avlagde årsrekneskapen datert 26.5.2015
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 26.5.2015
- Revisjonsmeldinga datert 27.5.2015

Driftsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig meirforbruk kr 1.318.223,10.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Kommunestyret vedtek dekking av meirforbruket.

Det er ikkje atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Gloppen kommune vert godkjent.

Uttalen vart samrøystes vedteken på kontrollutvalet sitt møte den 5. juni 2015, i kontrollutvalssak 16/15.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret godkjenner kommunerekneskapen for 2014
2. Underskotet for 2014 på kr 1.318.223,10 blir dekkja av disposisjonsfondet som vist i rådmannen si saksutgreiing.

09.06.2015 FORMANNSKAPET

063/15 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

15.06.2015 KOMMUNESTYRET

030/15 VEDTAK:

1. Kommunestyret godkjenner kommunerekneskapen for 2014
2. Underskotet for 2014 på kr 1.318.223,10 blir dekket av disposisjonsfondet som vist i rådmannen si saksutgreiing.

Vedtaket var samrøystes.



SEKOM-sekretariat
v/Audhild Ragni Vie Alme

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
15/8593

Dato
10.07.2015

Forvaltningsrevisjon: Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen - kommunestyret sitt vedtak

Kommunestyret slutta seg i møte den 15. juni i år til kontrollutvalet si tilråding i sak 11/15 som gjeld forvaltningsrevisjonsprosjektet kommunal saksgang og dokumenthandtering.

Eg legg ved utskrift av kommunestyret i møtebok i saka, som er k-sak 32/15.

Med helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
tlf. 476 21 981

Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg

247331 Rapport frå forvaltningsrevisjon: Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen

Kopi til:

Internt til: Geir Liavåg Strand

Internt til: Sissel Hauge Søreide



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.05.2015	056/15
Kommunestyret	15.06.2015	032/15

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 216 &58	14/1481-10

Rapport frå forvaltningsrevisjon: Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
244128	Rapport frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 29.1.2015 Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen

Bakgrunn for saka:

Dette er ei sak frå kontrollutvalet, som i sak 11/15 har gjort slikt vedtak:

Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen», frå Kommunerevisjonen i Nordfjord, datert 29.1.2015.

1. Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp tilrådingane på side 5 og 6 i rapporten, og at sakshandsamingsreglementet og arkivinstruks vert oppdatert
2. Kommunestyret ber også administrasjonen følgje miljøverndepartementet si anbefaling for saksgang i dispensasjonssaker jfr. side 22 og 23 i rapporten
3. Saksbehandlingskapasitet må vurderast i samband med årsbudsjettet for Gloppen kommune
4. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 1.1.2016 om kva som er gjort i forhold til oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Saksutgreiing:

Frå kontrollutvalet si utgreiing i saka:

Gloppen kontrollutval gjorde følgjande vedtak i møte 20.8.2014 sak 018/14
Forvaltningsrevisjon – Val og tinging av nytt prosjekt:

1. Kontrollutvalet tingar, Kommunale saksgangsrutinar, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av Kommunerevisjonen i Nordfjord.
 - Formålet er å vurdere om Gloppen kommune har ei sakshandsaming som ivaretar den politiske styringa i kommunen, med fokus på saksgang mellom administrasjon og politiske organ
 - Problemstillingar: sakshandsamingskapasitet, kvalitet på sakstilfang og overhalding av tidsfristar.
 - Leveringsfrist 1. mars 2015.

2. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte 26. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Prosjektplanen vart godkjent i møte 26.11.2014 sak 028/14.

Kommunerevisjonen i Nordfjord sende ferdig rapport til SEKOM-sekretariat 29.1.2015. Der dei har følgjande konklusjon på side 5:

Vi meiner at undersøkinga viser at den politiske styringa i kommunen kan betrast på nokre område. Eit sentralt spørsmål i denne vurderinga er om politikarane får den informasjonen dei treng for å kunne utøve politisk styring. Vi konkluderer med at kommunen bør sjå nærmare på følgjande forhold:

- Med bakgrunn i kommunestyret sitt tilsynsansvar, bør kommunen etablere faste rutinar for korleis politikarane skal gjerast kjent med administrasjonens praktisering av det vedtaksmynde rådmannen er blitt tildelt gjennom delegasjon.
- Rådmannen bør gjere ei vurdering av om kommunen har tilstrekkeleg saksbehandlingskapasitet til å ta i vare politikarane sitt informasjons- og saksutgreiingsbehov på ein forsvarleg måte. Det er ein tett samanheng mellom saksbehandlingskapasitet og saksutgreiingskvalitet, og veikskaper i vedtaksgrunnlaget kan påverke dei politiske vedtaka som vert gjort.
- Kommunen bør oppgradere og ajourføre sitt administrative saksbehandlingsreglement. Dagens reglement er frå 1995 og er ikkje tilpassa nytt saksbehandlingssystem.
- Gloppen har, til liks med mange andre norske kommunar, ei stor utfordring når det gjeld å sikre fullstendig journalføring i samsvar med lova. Problemet er knytt til ei generell auke i saksbehandlarane sin bruk av databasert informasjon som vert kommunisert via elektronisk post.

Slik informasjon blir kanalisert utanom kommunen sentrale postmottak, og journal- og arkiv-pliktig dokumentasjon kan derfor gå tapt dersom saksbehandlarane ikkje følgjer arkivinstruksen. Det er fleire døme på at dette er eit reelt problem for kommunen.

- Vi har observert eit par døme på saker som etter vår meining burde ha vore behandla politisk.
- Etter det vi kan sjå har politikarane motteke saksliste innanfor fristen sidan mai 2014. Det har i alle fall ikkje vore merknadar til for sein ekspedering etter dette.

Vidare har revisor følgjande tilrådingar på side 5 og 6 i rapporten:

Tiltak for å betre kommunen si sikring av fullstendig journalføring

Vi anbefalar kommunen å supplere dagens arkivinstruks for saksbehandlarar med retningslinjer for å sikre arbeidsgjevaren sin tilgang til nødvendige verksemdsrelaterte opplysningar i e-postsystemet, utan at dette bryt med den einskilde arbeidstakars personvern.

Kommunen sin saksbehandlingskapasitet

Vi anbefalar kommunen til å vurdere om saksbehandlingskapasiteten er så svekka at dette kan få følgjer for kvaliteten og mengda av saker som skal behandlast av dei politiske organa. Element i ei slik vurdering kan til dømes vere:

- kapasitetsutnytting av tilgjengelege ressursar

- effektivitetspotensiale i utgreiingsarbeidet
- graden av delegert mynde til rådmannen (administrative vedtak)
- politisk utvalsstruktur

Kvalitet på saksutgreiinga

- Kommunens administrative saksbehandlingsreglement bør erstattast av eit nytt, oppdatert reglement
- Vi vurderer følgjande tilleggspunkt som viktig når det gjeld dei krav til vedtaksgrunnlaget som går fram av dagens saksbehandlingsreglement:
 - Ressursinnsats vert å tilpasse sakens kompleksitet og konsekvensane av vedtaket
 - Objektivitet i vurderingane (upartisk, fordomsfri, sakleg)
 - Alternative løysingar
- Alle utsetjingsvedtak bør innehalde årsaka til at saka vart utsett
- Kommunen bør vurdere rutinar for korleis informasjon om administrative vedtak skal gjerast tilgjengeleg for politikarane. Nokre kommunar legg desse fram som informasjon i dei respektive utvala, medan andre kommunar er av den meining at det er tilstrekkeleg at desse vedtaka er enkelt tilgjengelege for politikarane.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen som ein direkte følge av rapporten.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen har naturlegvis hatt høve til å uttale seg til rapporten, og eg har ingen merknader til denne. Rådmannen har i sin uttale gitt revisjonen honnør for ein god og grundig rapport som set søkjelyset på eit viktig og forsømt saksområde.

Rapporten vil bli til god hjelp i arbeidet med arkivplanen og dei rutinane som må gjennomgåast hos oss.

Det er eit faktum at vi har svært liten saksbehandlingskapasitet i kommuneadministrasjonen. Rådmannen likevel prioritert høgt saksbehandlinga for folkevalde organ for å imøtekomme den kritikken som administrasjonen tidlegare har fått for sein presentasjon av saklister og utgreiingar. Dette så viktig at andre saksområde må vike.

Det er ikkje noko å legge skjul på at det pågåande arbeidet med kommunereforma er svært tidkrevjande, og bind opp mykje ressursar som vi elles kunne ha brukt m.a til å arbeide med dei problemstillingane rapporten frå revisjonen tar opp. Slik vil nok situasjonen vere så lenge utgreiingsarbeidet pågår med alle dei alternativa vi ser på. Utan at rådmannen vil gjere noko stort poeng av det no, er nok betre kapasitet på saksbehandling, utvikling og planarbeid noko av det vi kan håpe på dersom det blir større kommunane einingar. Nokre vil sikkert kalle dette auka byråkratisering...

Rådmannen har ingen merknad til kontrollutvalet si tilråding.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen», frå Kommunerevisjonen i Nordfjord, datert 29.1.2015.

1. Kommunestyret ber administrasjonen følge opp tilrådingane på side 5 og 6 i rapporten, og at sakshandsamingsreglementet og arkivinstruks vert oppdatert
2. Kommunestyret ber også administrasjonen følge miljøverndepartementet si anbefaling for saksgang i dispensasjonssaker jfr. side 22 og 23 i rapporten
3. Saksbehandlingskapasitet må vurderast i samband med årsbudsjettet for Gloppen kommune
4. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 1.1.2016 om kva som er gjort i forhold til oppfølging av tilrådingane i rapporten.

07.05.2015 FORMANNSKAPET

056/15 VEDTAK:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes innstilt.

15.06.2015 KOMMUNESTYRET

032/15 VEDTAK:

Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen», frå Kommunerevisjonen i Nordfjord, datert 29.1.2015.

1. Kommunestyret ber administrasjonen følge opp tilrådingane på side 5 og 6 i rapporten, og at sakshandsamingsreglementet og arkivinstruks vert oppdatert
2. Kommunestyret ber også administrasjonen følge miljøverndepartementet si anbefaling for saksgang i dispensasjonssaker jfr. side 22 og 23 i rapporten
3. Saksbehandlingskapasitet må vurderast i samband med årsbudsjettet for Gloppen kommune
4. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 1.1.2016 om kva som er gjort i forhold til oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.06.2015	061/15
Kommunestyret	15.06.2015	036/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 614 S10 &53	Arkivsaknr.: 09/2471-54
---	---	-----------------------------------

Framtidig drift og organisering av Gloppenstasjonane - fullmakt til styret i Gloppen Energi AS

Ingen vedlegg.

Denne saksutgreiinga er skriven saman med styreleiaren i Gloppen Energi AS, Ingolf Aagård.

Bakgrunn for saka:

Det vart i 1995 inngått avtale mellom Gloppen kommune og Sogn og Fjordane Energiverk AS (SFE) om ein 20 års leigeavtale av Gloppen kommune sine kraftanlegg Trysilfossen, Eidsfossen og Evebøfossen (Gloppenstasjonane). Ved inngåing av avtalen vart det utbetalt ein eingongssum på 65 mill. kr. Avtalen er forlenga for 2015 i tilleggsavtale datert 19.12.2014 mellom dei same partane og SFE utbetalte ein leigesum på 4,5 mill. kr til kommunen. Det er ein opsjon på ytterlegare forlenging av avtalen med eit år dersom partane ønskjer det.

Gloppen kommune må i god tid før 31.12.2015 ta stilling til korleis verdiane i Gloppenstasjonane skal forvaltast, slik at dei gir best mogeleg resultat for kommunen både på kort og lang sikt.

Gloppen kommune hadde våren og hausten 2014 grundige og omfattande drøftingar om organisering av kommunen sine kraftverdiar. Det vart i sak 47/14 m.a. lagt til grunn følgjande føresetnader for den framtidige organiseringa (henta frå Lund & Co sitt framlegg til saksutgreiing):

Kommunestyret har fattet prinsippvedtak om at Gloppenstasjonene skal forbli i kommunalt eie. Salg er derfor ikke et reelt alternativ. Overdragelse til felleseid selskap synes også uaktuelt fordi Gloppen kommune ønsker å beholde eiendomsretten til Gloppenstasjonene. En slik løsning ville i realiteten innebære at deler av eiendomsretten til kraftstasjonene ble overført til SFE.

(...)

Dersom kraftstasjonene overføres til Gloppen Energi vil det derimot være økonomi i selskapet til å betjene lånet. Likviditetstilførsel fra kraftproduksjonen vil således legge til rette for å beholde eierposisjonen. Dette fremstår som eneste reelle alternativ gitt de forutsetninger som er lagt til grunn ovenfor.

Gloppen kommunestyre gjorde i sak 47/14 slikt vedtak:

1. Gloppen kommunestyre utset saka om framtidig organisering og drift av kraftstasjonane i Gloppenelva
2. Kommunestyret ber om forhandlingar med Sogn og Fjordane Energi AS om ei forlenging av leigeavtalen for stasjonane fram til 31. desember 2015, alternativ 31.12.2016
3. I den forlenga leigeperioden skal kommunen forhandle med Sogn og Fjordane Energi AS om framtidig drift, organisering og eventuell utbygging av Gloppenstasjonane. Førsetnaden frå kommunestyret si side er at kommunen skal ha kontroll over SFE aksjane og kraftstasjonane
4. Kommunestyret vel desse til forhandlingsutval med SFE, i tillegg til rådmannen: ordføraren, Jan Erik Mardal og Edgar Kvernevik
5. Kommunestyret er innforstått med at det blir brukt juridisk hjelp i forhandlingane.

Saksutgreiing:

Økonomisk vurderingar

Styret i Gloppen Energi har i 2015 i samarbeid med SFE utført økonomiske kalkyler av Gloppenstasjonane på bakgrunn av oppdaterte føresetnader som kraftprisar, rentenivå, investeringar, lånegjeld etc. Konsulentselskapet Deloitte har deretter kvalitetsikra berekningane. Styret har etter dette god oversikt over den økonomiske situasjonen for Gloppen Energi etter eventuell tilbakeføring av kraftstasjonane.

Kalkylene viser tilfredsstillande økonomisk utvikling når det gjeld årsresultat for selskapet. Det vil likevel vere ei likviditetsmessig utfordring for Gloppen Energi også etter at Gloppenstasjonane blir tilbakeført til selskapet. Årsaka til det store avviket mellom årsresultat og likviditet er avdrag på lånegjelda. Det er lagt inn ein «normal» avdragsprofil som gir ca 5 mill. kr i årlege avdrag dei første åra og ca 11 mill. kr etter at nye investeringar er gjennomført i 2020. Det vil vere muleg – til ei viss grad – å tilpasse avdragsprofilen til selskapet si økonomiske utvikling.

Gloppen kommune har gitt eit lån på 60 mill. kr til selskapet Gloppen Energi. Konvertering av lånet til aksjekapital vil betre likviditeten, men likevel ikkje slik at likviditeten for selskapet blir tilfredsstillande.

Grunnen til at føresetnadane har endra seg vesentleg frå tidlegare berekningar (ref sak i 2014), er i hovudsak forventa låge kraftprisar framover. Selskapet har vidare høg lånegjeld i samband med tidlegare overføring av midlar til kommunen (for bygging av Trivselhagen) og må ta opp nye lån ved tilbakeføring av stasjonane. Investeringane i samband med rehabilitering av stasjonane samt utbygging av ny produksjon, er kalkulert til 160 mill. kr. (2014 kroner).

Gloppenstasjonane/aksjar i SFE

Gloppen stasjonane består av 3 anlegg med slik alder, produksjon (Middelproduksjon ref. NVE) og planlagd ny produksjon:

	Sett i drift	Produksjon GWh	Ny produksjon GWh	Total produksjon GWh
Eidsfossen	1917	48	8	56
Trysilfossen	1980	21	9	30
Evebøfossen	1909	3	3	6
Sum		72	20	92

SFE er etter punkt 10 i utleigeavtalen frå 1995 forplikta til å levere kraftverka tilbake i vesentleg same stand som dei var då leigeforholdet starta, bortsett frå verdinedgang som

følgjer av alminneleg slit og elde. Konsulentselskapet Sweco har utarbeidd ein tilstandsanalyse etter oppdrag frå kommunen og har konkludert med at leigevilkåra er oppfylt.

Stasjonane står likevel føre ei betydeleg oppgradering/rehabilitering som er kalkulert til ca 123 mill. kr. Sweco saman med SFE har vurdert prosjektet, og investeringa er vurdert som både nødvendig og lønsam. Etter oppgradering vil ein oppnå automatisering/effektivisering av anlegga og vesentleg reduksjon i kostnadene ved å drifte stasjonane. Det er teke omsyn til dette i dei berekningane som er utført.

I tillegg er det vurdert nye investeringar for å auke produksjonen i kraftstasjonane. Det framgår av oversikten at produksjonsauken i Eidsfossen er vesentleg lågare enn tidlegare berekna. Dette skuldast innføring av nytt og høgare innslagspunkt for grunnrenteskatten frå 01.01.2015 (må godkjennast av ESA) Det medfører at det er gunstig å tilpasse produksjonen til det nye regelverket for å unngå grunnrenteskatt på heile produksjonen i Eidsfossen. Investering i utbygging ny kraft er kalkulert til ca 37 mill. kr. Total investering inkl. rehabilitering er ca 160 mill. kr.

Den planlagde investeringa i ny produksjon viser god lønsemd og bør gjennomførast raskt slik at ein oppnår vilkår for grøne sertifikat som krev ferdigstilling innan 31.12.2020. Grøne sertifikat vil gje ein meirverdi på ca 10-20 mill. kr for Gloppenstasjonane. Kommunen har leigd bistand frå SFE til å få gjennomført konsesjonssøknaden for utbyggingsprosjektet.

Gloppen kommune eig 3,36% av aksjane i SFE og er nest største eigar av dei kommunale eigarane (Flora kommune eig 4,51%). Basert på vurdering i samband med overføring av aksjane til Gloppen Energi 2008 var verdien av aksjane anslått til ca 150 mill. kr. Styret har ikkje gjort nye vurderingar av verdien på aksjane.

Samla verdi for SFE-aksjane og Gloppenstasjonane vil truleg vere ca 3-400 mill. kr. Det er såleis store kraftverdiar som er i kommunen si eige.

Lånegjeld

Gloppen Energi har i dag slik lånegjeld:

Lån i Sparebanken	60	mill. kr
Lån i Gloppen kommune	60	mill. kr
Sum	120	mill. kr
Nye lån:		
Restinvesteringar i SFE ref leigeavtale	25	mill. kr
Betaling av påløpne renter til kommunen	17	mill. kr
Investeringslån 2020	160	mill. kr
Sum lån 2020 (2014 kroner)	322	mill. kr

Selskapet har i dag ei høg lånegjeld og som vil auke vesentleg ved tilbakeføring av stasjonane til kommunen og ved gjennomføring av dei planlagde investeringane.

Styret i Gloppen Energi arbeider med optimal finansiering av selskapet inkl. garanti/lån med bakgrunn i Gloppen kommune som eigar og referanse til regelverket i kommunelova § 50, jfr. K-sak 23/15 tidlegare i år om kommunal garanti for lån i Gloppen Energi. Til orientering vil ein reduksjon på eit prosentpoeng på heile lånegjelda medføre ein redusert rentekostnad på ca 3,2 mill. kr årleg. Det er likevel ikkje realistisk å rekne med at heile lånegjelda kan refinansierast ved hjelp av garanti/lån i Gloppen kommune.

Det er muleg at refinansiering med kommunal garanti/lån vil medføre organisering av kraftverdiane i ein konsernmodell og med eit holdingselskap. Lund & Co/Deloitte bistår styret i arbeidet med refinansiering av lån og modellvurdering.

Gloppen Energi

Selskapet vart oppretta i 2008 og med Gloppen kommune som einaste eigar. Formålet til selskapet var finansiering av kommunen sin eigarskap i Trivselhagen gjennom overføring av kommunen sine aksjar i SFE og låneopptak med sikkerheit i aksjane.

Selskapet har fungert som eit reint holdingselskap med forvaltning av SFE-aksjane. I samband med planane om tilbakeføring av Gloppenstasjonane vart formålet til selskapet endra i 2014 til også å omfatte: *Forvalte Gloppen kommune sine kraftinteresser gjennom produksjon og omsetning av kraft.*

Selskapet sine inntekter er utbytte på SFE-aksjane med varierende utbetaling, men med eit ”normalnivå” på ca 2,5 mill. kr. Dette dekker om lag rente på det eksterne lånet til Sparebanken Sogn og Fjordane, men gir ikkje dekning for utbetaling på det kommunale lånet. Etter låneavtale med sparebanken skal første låneavdrag på 3 mill. kr betalast hausten 2016. Utbytte frå SFE er såleis ikkje tilstrekkeleg til å handtere selskapet si lånegjeld pr dato.

Rekneskapen for 2014 viser eit underskot på 2,3 mill. kr. Dette er lågare enn dei siste åra og skuldast eit høgt utbytte på SFE-aksjane dette året på 3,4 mill, samt reduserte rentekostnader. Akkumulert underskot pr utgangen av 2014 er på 23,6 mill. kr og bokført eigenkapital på 30 mill. kr er redusert til 6,4 mill. kr.

Selskapet har ved utgangen av 2014 eit framførbart skattemessig underskot på 33 mill. kr, og dette vil auke ytterlegare i 2015. Det er viktig at selskapet får gjort seg bruk av denne skattefordelen ved den framtidige organisering av kraftverdiane.

Aktuelle modellar

Styret vurderer ulike modellar med målsetting å organisere kraftverdiane slik at dei gir best muleg resultat for selskapet(-a) og Gloppen kommune. Følgjande tema blir vurdert:


- Finansiering med vekt på rentevilkår og avdragsprofil tilpassa likviditetsutvikling
- Bruk av skattemessig akkumulert underskot/konsernbidrag
- Rekneskaps- og skattemessige vurderingar; inntekts- og grunnrenteskatt, renter til nærstående partar etc.
- Juridiske og lovmessige forhold som konsesjonsvilkår, konkurranseutsetting. off. anskaffelser etc.

Gloppen kommunestyre vedtok den 26. april 2012, i sak 25/12, at Gloppenstasjonane skal vere i kommunalt eige. Sal av stasjonane er såleis ikkje vurdert som eit reelt alternativ og heller ikkje sal av aksjane i SFE.

Når gjeld fortsatt langsiktig utleige av stasjonane ref. utleigeforskrifta med maks 15 år utleige, tilrår styret at dette alternativet utgår i dei vidare vurderingane. Bakgrunnen for dette er i hovudsak at det må gjennomførast investeringar på ca 160 mill. i rehabilitering/utviding produksjonskapasitet fram mot år 2020. Dette er store summar og det er nødvendig med god styring, kontroll og oppfølging for å sikre at investeringane blir optimale for eigaren. Det er også viktig at prosessen både med konsesjonshandsaming og tidsplanen for utbygging blir fylgd med ferdigstilling innan fristen for å få tildelt grønne sertifikat.

I tidlegare vurderingar har det vore ein føresetnad at stasjonane skulle overførast til selskapet Gloppen Energi. På bakgrunn av dei vurderingane som styret har gjort kan også andre modellar som konsern/holding-modellar vere aktuelle. Når det gjeld eventuelt medeigarskap, ønskjer styret også å vurdere dette alternativet på bakgrunn av oppdatert kalkyle for resultat- og likviditetsutvikling, finansiering, utbytte til eigar og behov for kompetanse i dei vidare prosessane. Det er angitt medeigarskap med inntil 33% men styret vil også vurdere lågare andel.

Styret vurderer derfor ulik organisering, men vil presisere at det er ikkje teke stilling til endeleg modellval. Dette vil bli gjort etter at styret har avslutta arbeidet med dei ulike problemstillingane som er angitt ovanfor. Som ein illustrasjon er vist eitt av fleire alternativ som styret vurderer:



Styret i Gloppen Energi si tilråding

Som grunnlag for styret sitt vidare arbeid med organisering av kommunen sine kraftverdiar tilrår styret i Gloppen Energi slikt vedtak i Gloppen kommunestyre:

Styret i Gloppen Energi får fullmakt til å vurdere organisering av Gloppenstasjonane og her under føre forhandlingar med aktuelle partar, og gi endeleg tilråding til Gloppen kommunestyre.

Gloppen kommunestyre ber styret i Gloppen Energi vurdere følgjande:

1. Vurdere overføring av Gloppenstasjonane til Gloppen Energi eller i ein annan struktur som styret finn tenleg som f. eks konsern/holding-modell

2. Følgjande moment skal vektleggast:
 - a. Vurdere finansiering av selskapet med vekt på garanti/lån med Gloppen kommune som eigar med bakgrunn i regelverk i kommunelova § 50
 - b. Vurdere medeigarskap i Gloppenstasjonane med inntil 1/3 av aksjane i selskapet. Det skal vektleggast pris, kompetanse og eventuell finansieringsbistand
 - c. Vurdere konvertering av Gloppen kommune sitt lån på 60 mill. kr til Gloppen Energi til aksjekapital
 - d. Vurdere skatte- og lovmessige spørsmål både for eigar og i det (dei) aktuelle selskapet (-a)
3. Vurdere og angi muleg utbytte til kommunen både på kort og lang sikt med bakgrunn i forventa økonomisk utvikling.

Gloppen kommunestyre ber om at hovudprinsipp for organisering blir lagt fram til vedtak i møte 31. august 2015.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Som det går fram av utgreiinga frå styret i Gloppen Energi AS har denne saka store økonomiske konsekvensar både for Gloppen kommune og for Gloppen Energi. Rådmannen har ingen føresetnader til å utdjupe dette noko meir enn det styret har gjort.

Rådmannen si vurdering:

Styret i Gloppen Energi AS har så langt gjort ein svært god og solid jobb i denne saka, og rådmannen sluttar seg til styret sine vurderingar.

Med den framdriftsplanen styret legg opp til, vil det vere råd å få ei ny organisering av Gloppenstasjonane klar i løpet av 2015, slik at det ikkje er nødvendig for kommunen sin del å forlenge leigeperioden eitt år til slik den mellombelse avtalen opnar for.

Rådmannen er samd med styret i at ein ny langsiktig utleigeavtale ikkje blir utgreidd, og viser her til styret si grunngeving.

Rådmannen si tilråding i saka samsvarar med styret i Gloppen Energi AS sitt framlegg.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre gir styret i Gloppen Energi fullmakt til å vurdere organisering av Gloppenstasjonane og her under føre forhandlingar med aktuelle partar, og gi endeleg tilråding til Gloppen kommunestyre.

Kommunestyret ber styret i Gloppen Energi vurdere følgjande:

1. Overføring av Gloppenstasjonane til Gloppen Energi eller i ein annan struktur som styret finn tenleg, f. eks konsern/holding-modell
2. Følgjande moment skal vektleggast:
 - a. Vurdere finansiering av selskapet med vekt på garanti/lån med Gloppen kommune som eigar med bakgrunn i regelverk i kommunelova § 50
 - b. Vurdere medeigarskap i Gloppenstasjonane med inntil 1/3 av aksjane i selskapet. Det skal vektleggast pris, kompetanse og eventuell finansieringsbistand

- c. Vurdere konvertering av Gloppen kommune sitt lån på 60 mill. kr til Gloppen Energi til aksjekapital
- d. Vurdere skatte- og lovmessige spørsmål både for eigar og i det (dei) aktuelle selskapet (-a)
3. Vurdere og angi muleg utbytte til kommunen både på kort og lang sikt med bakgrunn i forventa økonomisk utvikling.

Kommunestyret ber om at hovudprinsipp for organisering blir lagt fram til vedtak i kommunestyremøtet 31. august 2015.

09.06.2015 FORMANNSKAPET

Anniken Rygg og Per Jarle Myklebust gjekk frå som ugilde i saka sidan dei sit i styret i Gloppen Energi AS. Heimelen er forvaltningslova § 6, 1e).

061/15 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart innstilt mot ei røyst.

15.06.2015 KOMMUNESTYRET

Per Jarle Myklebust gjekk frå som ugild i saka sidan han sit i styret i Gloppen Energi AS. Heimelen er forvaltningslova § 6, 1e).

Kommunestyret meinte at varafolk til styret – dette tilfelle Hege Lothe – ikkje er inhabile.

036/15 VEDTAK:

Gloppen kommunestyre gir styret i Gloppen Energi fullmakt til å vurdere organisering av Gloppenstasjonane og her under føre forhandlingar med aktuelle partar, og gi endeleg tilråding til Gloppen kommunestyre.

Kommunestyret ber styret i Gloppen Energi vurdere følgjande:

1. Overføring av Gloppenstasjonane til Gloppen Energi eller i ein annan struktur som styret finn tenleg, f. eks konsern/holding-modell
2. Følgjande moment skal vektleggast:
 - a. Vurdere finansiering av selskapet med vekt på garanti/lån med Gloppen kommune som eigar med bakgrunn i regelverk i kommunelova § 50
 - b. Vurdere medeigarskap i Gloppenstasjonane med inntil 1/3 av aksjane i selskapet. Det skal vektleggast pris, kompetanse og eventuell finansieringsbistand
 - c. Vurdere konvertering av Gloppen kommune sitt lån på 60 mill. kr til Gloppen Energi til aksjekapital
 - d. Vurdere skatte- og lovmessige spørsmål både for eigar og i det (dei) aktuelle selskapet (-a)
3. Vurdere og angi muleg utbytte til kommunen både på kort og lang sikt med bakgrunn i forventa økonomisk utvikling.

Kommunestyret ber om at hovudprinsipp for organisering blir lagt fram til vedtak i kommunestyremøtet 31. august 2015.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Helse- og omsorgsutvalet	26.05.2015	024/15
Kultur- og miljøutvalet	26.05.2015	032/15
Oppvekstutvalet	26.05.2015	014/15
Teknisk og landbruksutvalet	26.05.2015	034/15
Formannskapet	09.06.2015	070/15
Kommunestyret	15.06.2015	044/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 033 &20	Arkivsaknr.: 15/380-5
---	---	---------------------------------

Politisk organisering for perioden 2015-2019

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Dagens politiske modell vart vedteken av det førre kommunestyret den 20. juni 2011 (sak 31/11). Det vart den gong ikkje sagt noko om evaluering av modellen, men hovudutvala og formannskapet har no i vår drøfta om det bør gjerast endringar for neste valperiode. Formannskapet ønskjer at sitjande kommunestyre skal uttale seg om ein eventuell ny modell. Dette er saka om ein slik uttale.

Saksutgreiing:

Formannskapet har vore samde om at rådmannen oppsummerer drøftingane i hovudutvala og formannskapet og legg fram forslag til ny modell for den folkevalde styringa i perioden 2015-2019.

Drøftingane i hovudutvala og formannskapet viser at det ikkje er noko politisk ønskje om store endringar i den politiske organiseringa. Sist saka var føre i kommunestyret (i juni 2011) la rådmannen fram ei omfattande utgreiing, der ei rekke prinsipielle spørsmål vart tekne opp. Denne utgreiinga har vore lagt fram for utvala og formannskapet når dei no i vår har vurdert saka.

Hovudpunktet i den evalueringa utvala og formannskapet har gjort er at det er for få medlemmer i hovudutvala. Med uendra medlemstal i kommunestyret, når hovudutvalsmodellen framleis skal leggst til grunn og med berre kommunestyremedlemmer i utvala – vil dette seie at vi må ha færre utval.

Diskusjonane elles viser at det er stor semje om at utvalsleiarane skal sitje i formannskapet og at alle medlemmene i kommunestyret skal ha minst eitt verv i tillegg. Det er ingen som har teke til orde for at administrasjonsutvalet ikkje skal vidareførast.

To av utvala har gjort formelle vedtak om det vidare arbeidet:

Helse- og omsorgsutvalet:

Helse- og omsorgs meiner at det er for lite med berre 5 utvalsmedlemmer. Utvalet stiller òg spørsmål om det er rett å slå saman helse- og omsorgsutvalet og oppvekstutvalet med tanke på saksomfang og del av det totale kommunebudsjettet.

Kultur- og miljøutvalet:

Kultur- og miljøutvalet har følgjande merknader til det vidare arbeidet med politisk organisering i Gloppen kommune:

1. Kultur- og miljøutvalet meiner at det politiske arbeidet skal organiserast rundt færre hovudutval, i tillegg til formannskap, kontrollutval og administrasjonsutval. Færre utval med fleire medlemmer vil styrke utvala og breiare politisk samansetning vil gje mindre parti høve til å kome på fleire saker tidlegare i prosessen
2. Vidare ansvarsfordeling bør ta utgangspunkt i strukturen som er skissert i punkt 1. Det bør vurderast om dei nye hovudutvala kan få ansvar for fleire område som i dag ligg hos formannskapet
3. Det vidare arbeidet bør ta sikte på å sikre ungdomsrådet, som det einaste rådet der medlemmene ikkje har røysterett, formell likebehandling med eldrerådet og rådet for funksjonshemma, mellom anna ved at tilråding frå ungdomsrådet føl kommunale sakspapir.

Begge vedtaka var samrøystes.

To eller tre hovudutval?

I den innleiande runden har spørsmålet om to eller tre hovudutval (i tillegg til administrasjonsutvalet) vore så vidt drøfta. Også tidlegare, men ikkje i 2011-gjennomgangen, har spørsmålet vore reist. Bakgrunnen er – og har vore – at det er svært få vedtakssaker i dei to utvala som har ansvaret for oppvekstsektoren og helse- og omsorgssektoren. Slik har det vore i fleire periodar.

Hovudargumentet for å vidareføre både oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutvalet er at dette er dei to store sektorane, og at ei samanslåing vil gje eit utval med svært stort budsjettansvar.

Hovudargumentet for å slå utvala i hop er som sagt lita saksmengde. Sjølv ved samanslåing, vil utvala ikkje kome opp i den saksmengda som dei to andre hovudutval i dag har kvar for seg. Dei to utvala har også ein del saksområde som må seiast å vere overlappende, slik som helsestasjonen og barnevernet. Det høyrer også med at mange av sakene i oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutvalet er orienteringar. Og trekkjer vi ut sakene som gjeld godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste, er det svært lite att.

Utan å ta stilling til spørsmålet to eller tre utval, kan vi sjå føre oss ein *to-utvalsmodell* med ni medlemmer i kvart utval eller ein *tre-utvalsmodell* med sju medlemmer i kvart utval. Kommunestyret kunne då «brukast» slik:

To utval

Eit formannskap på ni medlemmer (her av tre utvalsleiarar, inkl. adm.utvalet)

To hovudutval på ni medlemmer (her inkludert tre formannskapsmedlemmer [leiarane])

Eit kontrollutval på tre eller fem medlemmer (her av ein frå kommunestyret)

Eit administrasjonsutval på sju medlemmer (her av fire folkevalde - alle frå formannskapet)

Modellen legg opp til at ordføraren ikkje er medlem i andre utval enn kommunestyret og formannskapet.

Tre utval

Eit formannskap på ni medlemmer (her av fire utvalsleiarar, inkl. adm.utvalet)

Tre hovudutval på sju medlemmer (her inkludert fem formannskapsmedlemmer [leiarane, pluss ein])

Eit kontrollutval på tre eller fem medlemmer (her av ein frå kommunestyret)

Eit administrasjonsutval på sju medlemmer (her av fire folkevalde – alle frå formannskapet)

I denne modellen får vi ein kommunestyrerepresentant for lite, slik at ein frå formannskapet også må vere medlem i eitt av hovudutvala, utanom administrasjonsutvalet.

Dei folkevalde i administrasjonsutvalet kan sjølvsagt «lausrivast» frå formannskapet, men rådmannen har forstått det slik frå dei innleiande drøftingane at koplinga til formannskapet er viktig.

Rådmannen gjer i denne saka framlegg om to utval, og eg grunngjev dette nærare under «Rådmannen si vurdering».

Kontrollutvalet

Minst ein av kontrollutvalet sine medlemmer skal etter kommunelova vere medlem i kommunestyret. Det er ikkje eit lovkrav at dette skal vere leiaren. I den perioden som no snart er over har vi ikkje oppfylt lovkravet om samansetting av kontrollutvalet.

Talet på medlemmer i kontrollutvalet vart auka frå tre til fem ved siste val, etter ønskje frå utvalet sjølv.

Det har vist seg vanskeleg å rekruttere medlemmer til kontrollutvalet. Dette skuldast både dei strenge reglane om kven som kan veljast, og så er det vel eit faktum at det ikkje blir oppfatta som politisk interessant å sitje i utvalet. Dette er ei oppfatning rådmannen har, og det er sjølvsagt høve til å protestere på dette.

Andre tema

Folkevalde i arbeidsmiljøutvalet?

Dei siste periodane var rådmannen peika ut arbeidsgjevar sine medlemmer i arbeidsmiljøutvalet, der det sit tre representantar frå kvar av partane. Arbeidsgjevar sine representantar er no rådmannen, oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen.

På oppmoding frå rådmannen har både administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet drøfta om det bør vere folkevalde i arbeidsmiljøutvalet. Begge utvala opnar for dette. Hovudargumentet er sjølvsagt at arbeidsmiljøet til sjuande og sist også er dei folkevalde sitt ansvar.

Eitt eller to brukarråd?

Eldrerådet og rådet for funksjonshemma har begge uttalt at dei ønskjer å halde fram som to råd. Det er høve til å slå råda saman til eitt råd. Rådmannen gjorde framlegg om dette då rådet for funksjonshemma i si tid vart oppretta, men kommunestyret avviste framlegget etter innspel frå organisasjonane som er representerte i råda.

Rådmannen argumenterte den gong med at vi ikkje har administrative ressursar til å gje to råd brukbar sekretærhjelp.

Ungdomsråd

har vi hatt i fleire periodar, utan at dette rådet har hatt same «posisjon» som eldrerådet og rådet for funksjonshemma, jfr. også kultur- og miljøutvalet sitt vedtak som er referert lenger framme i saka.

Slik ungdomsrådet skal settast saman etter dagens reglar, har det vist seg vanskeleg få rådet til å fungere som eit fast råd. Det er for mykje utskiftingar av medlemmene til at rådet kan fungere godt nok. I tillegg har utfordringane vore:

- Prøver og skuleprosjekt gjer ein fast møteplan vanskeleg
- Rådet får få innspel frå sakshandbehandlarane i kommunen
- Medlemmene er ferske i politisk samanheng og uvande med lange saksutgreiingar.

Det bør òg nemnast at ungdomsrådet ikkje berre er eit råd, men også initiativtakar og medarrangør på ulike ungdomstiltak.

Rådmannen har ikkje fått med seg andre problemstillingar frå den innleiande drøftingane i eldrerådet, rådet for funksjonshemma, hovudutvala og formannskapet.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Endringar i den politiske organiseringa har ikkje så store økonomiske konsekvensar at det gjev meining å rekne på det.

Rådmannen si vurdering:

Til hovudspørsmålet om to eller tre hovudutval (pluss administrasjonsutval) landar rådmannen på *to* utval. Eg tilrår at

- oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutvalet blir slegne saman til eitt utval og at
- kultur- og miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet blir slegne saman til eitt utval.

Det omstridde her reknar rådmannen er samanslåinga av oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutvalet. Rådmannen grunngjev framlegget med dei argumenta som alt er omtala:

- talet på politiske saker er for lite til å forsvare to utval
- utvala har overlappende saksområde, særleg innan barnevern og helsetenesta for barn og unge (jfr. debatten om «god start», der helse- og omsorgsutvalet var klare på kva oppvekstutvalet burde seie)
- vi har ikkje saksbehandlarkapasitet i oppvekst- og helse- og omsorgssaker utover dei to sektorleiarane.

Rådmannen har sjølv sagt drøfta denne problemstillinga i si leiargruppe, og både oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen er samde i framlegget om samanslåing av dei to utvala.

Rådmannen tilrår ikkje eit oppvekst- og kulturutval slik fleire kommunar har det. Det er ikkje føremålstenleg for «kulturen» å bli slegen saman med eit utval der store deler av midlane er bundne opp i lønnskostnader og fast drift, slik rådmannen ser det.

Rådmannen legg ikkje opp til ein nærare gjennomgang av oppgåvene til dei nye utvala no. Dette kan vi kome tilbake til når modellen er fastsett og nye reglement skal skrivast. Det same gjeld kva utvala skal heite.

Når det gjeld talet på medlemmer i kontrollutvalet, har rådmannen ikkje sterke meiningar. Eg overlet dette til formannskapet og kommunestyret. Rådmannen vil heller ikkje blåse til omkamp om samanslåing av eldrerådet og rådet for funksjonshemma sidan råda er så klare på at dei ikkje vil bli slegne saman. Rådet for funksjonshemma bør likevel få nytt namn.

Rådmannen vil utfordre ungdomsrådet til å drøfte kva som kan gjerast for å få rådet meir involvert i dei politiske prosessane, og om gjeldande måte å sette rådet saman på er føremålstenleg.

Rådmannen tilrår at ein av arbeidsgjevar sine representantar i arbeidsmiljøutvalet blir peika ut mellom arbeidsgjevar sine representantar i administrasjonsutvalet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Gloppen kommunestyre vedtek å vidareføre hovudutvalsmodellen for valperioden 2015-2019, med to hovudutvala, kvar med ni medlemmer. Dette vil seie at dagens oppvekstutval og helse- og omsorgsutval blir slegne saman til eitt utval og at kultur- og miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet blir slegne saman til det andre utvalet
2. Administrasjonsutvalet blir vidareført med sju medlemmer, fire frå formannskapet og tre frå dei tilsette sine organisasjonar. Ein av dei fire folkevalde i administrasjonsutvalet skal også sitje som arbeidsgjevarrepresentant i arbeidsmiljøutvalet
3. Kontrollutvalet skal ha ... medlemmer. Leiar skal sitje i kommunestyret
4. Kommunestyret ber rådmannen legge fram forslag til nytt reglement for hovudutvala, her under kome med forslag om namn på utvala, og om nødvendig kome med framlegg om revisjon av reglementa til formannskapet og kommunestyret
5. Desse ordningane skal vidareførast:
 - Talet på medlemmer i formannskapet, som skal vere ni
 - Hovudutvalsleiarane og leiaren i administrasjonsutvalet skal sitje i formannskapet
 - Medlemmer i styre og råd i interkommunale selskap skal så langt som råd ved nyval veljast mellom medlemmer i kommunestyret
 - Eldrerådet og rådet for funksjonshemma som to sjølvstendige råd. Kommunestyret ber rådmannen legge fram forslag om nytt namn på rådet for funksjonshemma og samstundes kome med framlegg om eventuelle endringar i samansettinga av råda
6. Kommunestyret ber ungdomsrådet drøfte kva som kan gjerast for å få rådet meir involvert i dei politiske prosessane, og om gjeldande måte å sette rådet saman på er føremålstenleg.

26.05.2015 OPPVEKSTUTVALET

Framlegg frå **Per Jarle Myklebust (Sp)** og **Kari Jordanger (Sp)**:

Pkt 3 i tilrådinga skal lyde slik:

Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer. Leiar bør sitje i kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå **Jan Erik Mardal (H)**:

Tredje strekpunkt i pkt 5 går ut.

Grunngjevinga er endringane i forvaltningslova §6, 1. ledd, bokstav c nr 2 som gjer medlemmene inhabile i saker som vedkjem selskapa i folkevalde organ.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

014/15 VEDTAK:

Oppvekstutvalet er samd i tilrådinga, med følgjande endringar:

1. Pkt 3 skal lyde: Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer. Leiar bør sitje i kommunestyre
2. Tredje strekpunkt i pkt 5 går ut.

Vedtaket var samrøystes.

26.05.2015 KULTUR- OG MILJØUTVALET

Framlegg frå **Dagfinn Nyhammer (H)**:

Siste strekpunkt i pkt 5 skal lyde: Eldrerådet og rådet for funksjonshemma vert slegne saman til eitt råd.

Framlegget var vedteke mot ei røyst.

Framlegg frå **Peder Lofnes Hauge (V)**:

Tillegg til pkt 6 i tilrådinga:

Kommunestyret ønskjer å gjere ungdomsrådet til ein meir aktiv del av den politiske deltakinga. Det skal oppnemnast ein folkevald som møter fast i ungdomsrådet

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå **Dagfinn Nyhammer (H)**:

Kultur- og miljøutvalet held fast på pkt 2 i tidlegare vedtak om evt. delegering av ansvar frå formannskapet til utvala.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

032/15 VEDTAK:

Kultur- og miljøutvalet er samd i tilrådinga, med følgjande endringar:

1. Det skal vere fem medlemmer i kontrollutvalet
2. Siste strekpunkt i pkt 5 skal lyde: Eldrerådet og rådet for funksjonshemma vert slegne saman til eitt råd

3. Tillegg til pkt 6: Kommunestyret ønskjer å gjere ungdomsrådet til ein meir aktiv del av den politiske deltakinga. Det skal oppnemnast ein folkevald som møter fast i ungdomsrådet

Kultur- og miljøutvalet held fast på pkt 2 i tidlegare vedtak om evt. delegering av ansvar frå formannskapet til utvala.

Vedtaket var samrøystes med unnatak av punktet om samanslåing av eldrerådet og rådet for funksjonshemma, som vart vedteke mot ei røyst.

26.05.2015 TEKNISK OG LANDBRUKSUTVALET

034/15 VEDTAK:

Teknisk og landbruksutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket vart gjort med fire røyster. Mindretalet meiner det skal vere tre hovudutval i pkt 1.

26.05.2015 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

024/15 VEDTAK:

Helse- og omsorgsutvalet er samd i tilrådingane, med desse endringane:

1. Pkt 1 skal lyde: Gloppen kommunestyre vedtek å vidareføre hovudutvalsmodellen for valperioden 2015- 2019, med tre hovudutvala, kvar med sju medlemmer. Dette vil seie at (dagens) oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutval held fram som i dag og at kultur- og miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet blir slegne saman til det tredje utvalet
2. Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer.

Vedtaket var samrøystes.

09.06.2015 FORMANNSKAPET

Endringsframlegg:

Frå **Per Jarle Myklebust (Sp)**:

1. Pkt 3 skal lyde: Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer. Leiar bør sitje i kommunestyret
2. Tredje strekpunkt i pkt 5 går ut.

Frå **Arnfinn Brekke (Krf)**:

1. Pkt 1 skal lyde: Gloppen kommunestyre vedtek å vidareføre hovudutvalsmodellen for valperioden 2015- 2019, med tre hovudutvala, kvar med sju medlemmer. Dette vil seie at (dagens) oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutval held fram som i dag og at kultur- og miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet blir slegne saman til det tredje utvalet
2. Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer.

Framlegg frå **Anniken Rygg (H)**:

Siste strekpunkt i pkt 5 skal lyde: Eldrerådet og rådet for funksjonshemma blir slått saman til eitt råd

Det vart røysta slik:

1. Framlegget frå Per Jarle Myklebust til nytt pkt 3:
 - Framlegget vart samrøystes vedteke
2. Framlegget frå Per Jarle Myklebust om stryking av tredje strekpunkt i pkt 5:
 - Framlegget var vedteke med åtte røyter. Ein røysta for rådmannen si tilråding
3. Framlegget frå Anniken Rygg om samanslåing av eldrerådet og rådet for funksjonshemma
 - Framlegget fekk fire røyter. Rådmannen si tilråding fekk fem røyter
4. Framlegget frå Arnfinn Brekke om tre utval i staden for to (pkt 1 i tilrådinga)
 - Framlegget fekk fire røyter. Rådmannen si tilråding fekk fem røyter.

070/15 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart innstilt med desse endringane:

- Pkt 3 skal lyde: Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer. Leiar bør sitje i kommunestyret
- Tredje strekpunkt i pkt 5 blir stroke.

Røystetala følgjer av formannskapet si behandling av saka.

15.06.2015 KOMMUNESTYRET

Arnfinn Brekke (Krf) tok oppatt pkt 1 sitt framlegg frå formannskapet:

Pkt 1 skal lyde: Gloppen kommunestyre vedtek å vidareføre hovudutvalsmodellen for valperioden 2015 - 2019, med tre hovudutvala, kvar med sju medlemmer. Dette vil seie at (dagens) oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutval held fram som i dag og at kultur- og miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet blir slegne saman til det tredje utvalet

Framlegg frå **Leidulf Gloppestad (Sp)** og **Peder Lofnes Hauge (V)**:

Tillegg til pkt 6 skal lyde:

Kommunestyret ønskjer å gjere ungdomsrådet til ein meir aktiv del av det politiske arbeidet. Formannskapet har ein representant som møter i rådet. Denne representanten skal rullerast blant formannskapet sine medlemmer. Formannskapet skal orienterast etter møta i ungdomsrådet.

Det vart røysta slik:

1. Framlegget frå Arnfinn Brekke om tre utval i staden for to (pkt 1 i tilrådinga) mot formannskapet si innstilling i pkt 1
 - Framlegget frå Arnfinn Brekke fekk 13 røyter
 - Formannskapet si innstilling fekk 13 røyterOrdføraren si dobbeltrøyst vart avgjerande. Han røysta for framlegget frå Arnfinn Brekke.
2. Framlegget frå Leidulf Gloppestad og Peder Lofnes Hauge om tillegg til pkt 6, som vart vedteke med 21 røyter.

044/15 VEDTAK:

1. Gloppen kommunestyre vedtek å vidareføre hovudutvalsmodellen for valperioden 2015 - 2019, med tre hovudutvala, kvar med sju medlemmer. Dette vil seie at (dagens) oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutval held fram som i dag og at kultur- og miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet blir slegne saman til det tredje utvalet
2. Administrasjonsutvalet blir vidareført med sju medlemmer, fire frå formannskapet og tre frå dei tilsette sine organisasjonar. Ein av dei fire folkevalde i administrasjonsutvalet skal også sitje som arbeidsgjevarrepresentant i arbeidsmiljøutvalet
3. Kontrollutvalet skal ha fem medlemmer. Leiar bør sitje i kommunestyret
4. Kommunestyret ber rådmannen legge fram forslag til nytt reglement for hovudutvala, her under kome med forslag om namn på utvala, og om nødvendig kome med framlegg om revisjon av reglementa til formannskapet og kommunestyret
5. Desse ordningane skal vidareførast:
 - Talet på medlemmer i formannskapet, som skal vere ni
 - Hovudutvalsleiarane og leiaren i administrasjonsutvalet skal sitje i formannskapet
 - Eldrerådet og rådet for funksjonshemma som to sjølvstendige råd. Kommunestyret ber rådmannen legge fram forslag om nytt namn på rådet for funksjonshemma og samstundes kome med framlegg om eventuelle endringar i samansettinga av råda
6. Kommunestyret ber ungdomsrådet drøfte kva som kan gjerast for å få rådet meir involvert i dei politiske prosessane, og om gjeldande måte å sette rådet saman på er føremålstenleg. Kommunestyret ønskjer å gjere ungdomsrådet til ein meir aktiv del av det politiske arbeidet. Formannskapet har ein representant som møter i rådet. Denne representanten skal rullerast blant formannskapet sine medlemmer. Formannskapet skal orienterast etter møta i ungdomsrådet.

Vedtaket var samrøystes.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 022/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv:	Arkivsaknr.: 15/360
---	---------------	-------------------------------

Rådmannen informerer om oppfølging av Fylkesmannen sin rapport - Samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon om oppfølging etter Fylkesmannen sin rapport – Samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen, til orientering.

.

Saksutgreiing:

Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med Gloppen kommune – samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen, datert 30.4.2015, vart lagt fram som meldingssak nr 1 i Skriv og meldingar 3-2015, som vart handsama i Gloppen kontrollutval 5.6.2015.

Gloppen kontrollutval gjorde i same møte følgjande vedtak i sak 019/15 Eventuelt 2: Kontrollutvalet viser til Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med Gloppen kommune – samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen, datert 30.4.2015, og ber rådmannen informere om oppfølging av dette på neste møte.

SEKOM-sekretariat sende vedtaket til Gloppen kommune ved rådmannen 8.6.2015. Vi fekk e-post frå Helse- og omsorgssjef Anita Lote 12.6.2015 om at ho vil møte på vegne av rådmannen og orientere 16.9.2015.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 023/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/361
---	-------------------------	-------------------------------

Rådmannen orienterer om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap, til vitande.

.

Saksutgreiing:

I samband med at Gloppen kontrollutval handsama og ga uttale til rekneskapen 2014 for Gloppen kommune i møte 5.6.2015, sak 016/15, orienterte rådmannen om arbeidet med rekneskapen for 2014.

Gloppen kontrollutval gjorde i same møte følgjande vedtak i sak 019/15 Eventuelt punkt 3: *Kontrollutvalet viser til rådmannen sin orientering om arbeidet med rekneskapen for 2014. Kontrollutvalet ber rådmannen på neste møte gje orientering og vurdering om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap.*

SEKOM-sekretariat sende vedtaket til Gloppen kommune/rådmannen 8.6.2015, der det vart opplyst at neste møte i Gloppen kontrollutval er 16. september.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 024/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/314
---	-------------------------	-------------------------------

Orientering om rekneskapsrevisjon for 2015

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om rekneskapsrevisjonen for 2015 til vitande.

.

Saksutgreiing:

I kontrollutvalssak 019/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak, som står på oppfølgingslista, er eit av punkta i vedtaket som følgjer:

Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Etter § 6 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein betryggande måte. **Under dette halde seg orientert om revisjonsarbeidet** og sjå til at dette føregår i samsvar med dei vedtekter som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sin instruks eller avtale med revisor.

SEKOM-sekretariat har i den samanheng førespurt Kommunerevisjonen i Nordfjord om dei har høve til å orientering om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjonen på møte 16. september. Revisjonssjef Markvard Sunde har stadfesta at dei kan orientere om rekneskapsrevisjonen for 2015 i dette møtet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 025/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/317
---	----------------------	-------------------------------

Tinging av forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma - erfaringar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.08.2015	Forvaltningsrevisjon om samhandlingsreforma - prosjektplan	3010
09.09.2015	Prosjektplan samhandlingsreforma.pdf	3011

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Gloppen kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjekt, Samhandlingsreforma – erfaringar, frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

.

Saksutgreiing:

Gloppen kontrollutval gjorde følgjande vedtak i møte 26.11.2014 i sak 030/14 punkt 2: *Kontrollutvalet i Gloppen vil delta på felles møte for kontrollutvala i Nordfjord for å drøfte felles prosjektplan for forvaltningsprosjekt, Samhandlingsreform-erfaringar.*

Det har ikkje blitt gjennomført noko felles møte for kontrollutvala i Nordfjord for å drøfte felles prosjektplan, men SEKOM- sekretariat og Vest Kontroll har hatt møte med revisor undervegs i arbeidet med prosjektplanen.

Prosjektplanen datert 7.8.2015 vart sendt ut til kontrollutvalet 17.8.2015, med kopi til rådmann og ordførar, og det var høve til å kome med innspel innan 25. august. Det har ikkje kome inn tilbakemeldingar i høve prosjektplanen.

Gloppen kontrollutval har ikkje formelt tinga forvaltningsrevisjonsprosjekt Samhandlingsreforma – erfaringar, men vert oppmoda om å delta på dette felles forvaltningsrevisjonsprosjektet for Nordfjord kommunane.

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 17. august 2015 13:45
Til: 'Bjerkaset Karoline (kab@sp.no)'; 'Bø Bjarne (bjarne.bo@eninvest.net)'; Henden Vigdis; 'Hovstad Svein Helge (svein.hovstad@online.no)'; Hysing Jenny Sorterup; 'Jacobsen Tone Lise (tonelise71@hotmail.com)'; 'Moen Irene (irene@gloppenhotell.no)'; 'Os Hans (hans.os@eninvest.net)'
Kopi: 'anders.ryssdal@gloppen.kommune.no'; Jan Kåre Fure (jan.kare.fure@gloppen.kommune.no); Arnar Helgheim
Emne: Forvaltningsrevisjon om samhandlingsreforma - prosjektplan
Vedlegg: Prosjektplan samhandlingsreforma.pdf

Hei,

Gloppen kontrollutval gjorde vedtak i møte 26.11.2014 sak 030/14, om at dei ville delta på fellesmøte for kontrollutvala i Nordfjord for å drøfte felles prosjektplan for forvaltningsprosjekt, Samhandlingsreform - erfaringar.

Det har ikkje vore gjennomført noko fellesmøte for kontrollutvala, men SEKOM-sekretariat og Vest Kontroll (sekretær for Vågsøy og Selje), har hatt møte med revisor under vegs i arbeidet med prosjektplan.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har utarbeidd prosjektplan, som følgjer vedlagt. Revisjonsprosjektet blir felles for dei fleste Nordfjordkommunane, og difor er prosjektplanen også felles.

Dersom de har innvendingar, opplysningar osv, ber vi om tilbakemelding **seinast 25. august**. Deretter vil vi gje revisjonen tilbakemelding om å starte prosjektet. Den formelle bestillinga av prosjektet frå Gloppen kontrollutval vert lagt fram til handsaming på neste møte 16. september.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme

Rådgjever

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 97170064, Tlf: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Adresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Fra: Gunnar Ryste [<mailto:gunnar.ryste@gloppen.kommune.no>]

Sendt: 7. august 2015 12:11

Til: Arnar Helgheim; 'jostein.stoylen@vestkontroll.no'

Kopi: Markvard Sunde; markvard.sunde@gmail.com <<mailto:markvard.sunde@gmail.com>>; Revisor Vågsøy kommune

Emne: FORVALTNINGSREVISJON AV SAMHANDLINGSREFORMA - PROSJEKTPLAN

Hei ☺

Kommunerevisjonen i Nordfjord har no utarbeidd plan for revisjonsprosjektet «Samhandlingsreforma - erfaringar».

Eg viser til vårt møte på Eid den 26. juni om denne saka, og legg som avtalt ved prosjektplanen for vidare handsaming mellom sekretariata og kontrollutvala.

Så snart vi mottek tilbakemelding vil vi starte opp med prosjektarbeidet.

Helsing

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Gunnar Ryste

Kommunerevisjonen i Nordfjord Postadresse: Tonningsgata 4 6783 STRYN Telefon: 57 87 47 00 Foretaksregisteret: NO 976 304 470	PROSJEKTPLAN	
	TITTEL: Samhandlingsreforma - erfaringar	
	OPPDRAAGSGJEVAR: Kontrollutvalet i Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy	
	OPPDRAAGSANSVARLEG REVISOR: Markvard Sunde	UTFØRANDE REVISOR: Gunnar Ryste og Torill Monsen

1. Bakgrunnsinformasjon

Fleire av dei seks kommunane i revisjonsdistriktet har med prosjekt om samhandlingsreforma i sine planar for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode. Alle kontrollutvala har uttrykt at dei vil vurdere å vere med i eit fellesprosjekt.

Kommunerevisjonen legg med dette fram prosjektplan i samsvar med Standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), punkt 18 og 19.

2. Problemstillingar og avgrensingar

Førebygging er eit sentralt element i samhandlingsreforma, og etter samråding med dei to sekretariata for kontrollutvala blir det fokusert spesielt på kommunane sitt arbeide innan dette området.

Revisjonen har valt å basere si undersøking på følgjande problemstilling:

Korleis arbeider kommunane for å møte krava om førebygging av helseproblem?

Hovudproblemstillinga er inndelt i følgjande fire delproblem:

1. Har kommunen kartlagt innbyggjarane sin helsetilstand og utarbeidd mål, strategiar og iverksetting av tiltak etter folkehelselova kapittel 2?
2. I kor stor grad greier kommunen å ta i mot utskrivingsklare pasientar?
3. Kva tiltak har kommunen sett i verk for å bidra til å redusere behovet for sjukehusinnleggingar?
4. Kva har kommunen gjort for å førebygge fråfall i den vidaregåande skulen?

3. Avgrensing

Samhandlingsreforma er svært omfattande. Det har derfor vore nødvendig å avgrense undersøkinga. Vi har valt å sjå nærmare på følgjande tema i denne rapporten:

- Kommunen si oppfølging av krava i folkehelselova kapittel 2
- Innlegging og utskriving av sjukehuspasientar
- Fråfall i vidaregåande skule

Vi gjer i tillegg følgjande avgrensingar:

- Samanliknande statistikk er avgrensa til perioden 2012 – 2014
- Rapporten tek ikkje sikte på å etterprøve kommunens helsefaglege vurderingar

4. Revisjonskriterium

I standard for forvaltningsrevisjon blir revisjonskriterium definert som dei «krav, normer og/eller standarder» som revisjonsobjektet skal vurderast opp mot. For å kunne svare på problemstillingane vert følgjande kjelder til revisjonskriterium lagt til grunn:

- Lov om folkehelsearbeid kap. 2
- Forskrift om oversikt over folkehelsa
- Helse- og omsorgstenestelova (ny og gjeldande lov frå 01.01.2012)
- Plan og bygningsloven §§ 10-1, 11-1 og 11-4.
- Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar
- Rammeverk/delavtalar mellom kommune og helseføretak
- Kjelder for statistikk
- Kommuneplan med tilhøyrande dokument

Ut frå desse kjeldene har vi utarbeidd slike kriterium per delproblemstilling:

1. Har kommunen kartlagt innbyggjarane sin helsetilstand og utarbeidd mål, strategiar og sett i verk tiltak etter folkehelselova kapittel 2?

- Kommunen skal utarbeide en skriftlig oversikt over helsetilstanden og påvirkningsfaktorer i kommunen etter folkehelselova § 5
- Kommuneplanen skal etter § 6 inneholde mål og strategi for folkehelsearbeid med utgangspunkt i oversikten fra § 5
- Kommunen skal i følgje § 7 innføre tiltak for å imøtekomme folkehelseutfordringar i samsvar med § 5.
- Tek kommunen i vare si informasjonsplikt etter folkehelselova § 7?

2. I kor stor grad må kommunen betale for utskrivingsklare pasientar i påvente av kommunalt helse- og omsorgstenestetilbod?

- Kommunen må ta i mot utskrivningsklare pasienter for å unngå betalingsansvar, jf. helse og omsorgstjenesteloven § 11-4.

3. Kva tiltak har kommunen sett i verk for å bidra til å redusere behovet for sjukehusinnleggingar?

- Eit hovudmål i samhandlingsreforma er å fremje helse og førebyggje sjukdom og skader. Det skal leggjast sterkare vekt på førebygging framfor behandling i etterkant, jf. pkt. 3 i delavtalen om samarbeid om førebygging mellom Helse Førde HF og kommunane.

4. Kva har kommunen gjort får å førebygge fråfall i vidaregåande skule?

- Kommunen skal sette i verk førebyggjande tiltak for å redusere fråfall i den vidaregåande skulen, jf. delavtalen om samarbeid om førebygging mellom Helse Førde HF og kommunane, punkt 6 tredje kulepunkt: «Partane skal samarbeide om følgjande tiltak:
 - System for å sikre tidleg identifikasjon og tidleg intervensjon i høve barn med vanskar innan autismespekteret og sosiale vanskar, for å førebyggje problem seinare i skuleløpet og fråfall i den vidaregåande opplæring»

I arbeidet med rapporten kan det bli tillagt andre kriterium og kriterium kan bli endra.

5. Metodisk tilnærming

- Intervju med aktuelle personar i administrasjonen.
- Dokumentstudiar.
- Analyse av statistikk

6. Organisering, ansvar og ubundenskap

I følge § 6 i forskrift om revisjon skal revisjonseininga utpeike ein fagleg ansvarleg for kvart oppdrag. I Kommunerevisjonen i Nordfjord er revisjonssjefen tillagt det faglege ansvaret for forvaltningsrevisjon generelt, slik at det ikkje er behov for å vurdere dette frå prosjekt til prosjekt.

Prosjektet vil bli utført av revisor Gunnar Ryste og Torill Monsen.

Det ligg ikkje føre tilhøve som kan bidra til å verke inn på revisors ubundenskap eller objektivitet i gjennomføringa av prosjektet.

7. Ressursbehov og tidsplan

Vi tek sikte på å få utarbeidd rapporten innan utgangen av året innanfor budsjetterte rammer.

Dato: 7. august 2015

Markvard Sunde
Revisjonssjef

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 026/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/340
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av eigarskapskontroll

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

1. Har Gloppen kommune eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har Gloppen kommune rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

.

Saksutgreiing:

Plan for selskapskontroll 2012-2016 vart vedteken av Gloppen kommunestyret 18.3.2013 i sak 012/13. Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i perioden.

SEKOM-sekretariat tok opp spørsmål om det var aktuelt for Gloppen kontrollutval å bestille eigarskapskontroll, som sitt neste prosjekt, sidan dei ikkje har bestilt noko nytt prosjekt.

Dette vart drøfta i møte 5.6.2015, der forvaltningsrevisor var tilstade.

Gloppen kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 019/15 Eventuelt punkt 4:

SEKOM-sekretariat førebur sak om tinging av eigarskapskontroll til neste møte i kontrollutvalet 16. september.

Figuren nedanfor viser selskapskontrollen sitt omfang og innhald, henta frå NKRF sin praktisk veileder selskapskontroll



Nokre kommunar har utarbeidd eigarskapsmelding med oversyn over selskap dei er eigar i, og korleis dei skal ivareta og utøve kommunalt eigarskap, medan andre ikkje har dette på plass. Det vil difor vere greitt for kontrollutvalet å få eit oversyn over korleis eigarskapskontrollen fungerer i kommunen, og korleis kommunen følg opp eigarskapen sin.

SEKOM-sekretariat har sett opp følgjande problemstilling som vi synest er naturleg å ha som spørsmålsformulering i bestillinga av eigarskapskontroll:

1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 027/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/363
---	-------------------------	-------------------------------

Reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
30.07.2015	Utkast til reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval	2932
09.09.2015	Reglement for høyringar i kontrollutvalet - sendt til Gloppen kommune for uttale	3134

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Framlegg til reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval datert 9.9.2015, vert vedteke.
.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat held på med gjennomgang av reglementa for kontrollutvala i dei 15 kommunane som vi føl opp. Mange av kontrollutvala har gamle vedtekter med m.a. at møta skal haldast for lukka dører. Kommunelova § 77 nr. 8 om at møta i kontrollutvalet skulle haldast for lukka dører vart oppheva 1. juli 2013. Reglement for kontrollutvalet i Gloppen er oppdatert i høve dette.

Dei fleste av kommunane har i samband med nytt reglement også vedteke reglement for høyring i kontrollutvalet. Det er eit reglement som ein truleg ikkje har bruk for ofte, men kan vere greitt å ha dersom det skulle dukke opp sak der høyring vert nytta.

Framlegget som SEKOM-sekretariat har utarbeidd, er ei omsetjing frå bokmål til nynorsk av reglement som ligg i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin «Veileder for høyringar i kontrollutvalgene». Ved sidan av omsetjing, er det gjort små endringar. Her er [lenke til rettleiaren](#) for høyring i kontrollutvala, som FKT har utarbeidd.

Det vart i møte i Gloppen kontrollutval 5.6.2015 sak 019/15 punkt 4, gjort følgjande vedtak: *SEKOM-sekretariat førebur sak om tinging av eigarskapskontroll til neste møte i kontrollutvalet 16. september.*

Rådmannen har fått tilsendt utkast til reglement for høyringar i kontrollutvalet i e-post datert 30.7.2015, med frist til 13.8.2015 til å kome med eventuelle innvendingar. Rådmannen har ikkje kome med tilbakemelding.

Utkast til reglement vert lagt fram til handsaming i Gloppen kontrollutval, før det går vidare til kommunestyret for endeleg handsaming.

Dato: 09.09.2015
Vår referanse: 15/1291
Arkiv: FE-033

Utklast til reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og bystyret sitt informasjonsbehov i kontroll saker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjarar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjarar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggst ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf. kommunelova § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 30. juli 2015 14:15
Til: 'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Kopi: 'Jan Kåre Fure (jan.kare.fure@gloppen.kommune.no)'; 'Bø Bjarne (bjarne.bo@eninvest.net)'
Emne: Reglement for høyringar i kontrollutvalet
Vedlegg: Utklast til reglement for høyringar i Gloppen kontrollutval.pdf

Hei,

SEKOM-sekretariat held på med gjennomgang av reglementa for våre 15 kontrollutval. Gloppen kontrollutval har oppdatert reglement i høve til opne møter (vedteke 17.12.2012 sak 098/12), og treng difor ikkje endrast.

I samanheng med gjennomgang av reglementa har vi også lagt fram reglement for høyringar i kontrollutvalet, noko som er basert på veileidar utarbeidd av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) i 2014 [her er lenke til veiledaren](http://www.fkt.no/upload/bruker/Veileder_Horing_i_kontrollutvalg/Veileder_for_horing_i_kontrollutvalget_-_endelig_versjon.pdf) [<http://www.fkt.no/upload/bruker/Veileder_Horing_i_kontrollutvalg/Veileder_for_horing_i_kontrollutvalget_-_endelig_versjon.pdf>](http://www.fkt.no/upload/bruker/Veileder_Horing_i_kontrollutvalg/Veileder_for_horing_i_kontrollutvalget_-_endelig_versjon.pdf). Vi reknar ikkje med at det vert stort behov for eit slikt reglement, men vi meiner det kan vere greitt å ha på plass dersom det skulle dukke opp sak der høyring er nødvendig.

Har de innvendingar mot at SEKOM-sekretariat førebur sak om reglement for høyringar i kontrollutvalet, sjå vedlagde utkast ? Ber om tilbakemelding innan 13.8.2015.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme

Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 97170064, Tlf: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Adresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 028/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 15/362
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for Gloppen kontrollutval 2016

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11000:

Konto	Tekst	Budsjett 2016
10800	Godtgjersle til folkevalde	35 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000
11500	Opplæring/kurs	20 000
11600	Reiseutgifter	5 000
11950	Kontingent FKT	5 000
	Samla drift kontrollutvalet	70 000

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet, og det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre.

Gloppen kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariatstenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Skyss- og diettgodtgjersle

Møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste

Arbeidsgjevaravgift

Opplæring/kurs/seminar

Kontingentar

Inventar/utstyr

Andre utgifter

For kontrollutvalet i Gloppen er satsar for dei ulike godtgjerslene/honorara slik:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste : Ulegitimert kr 197,85 pr time, maks kr 1.978,50 pr dag
- Møtegodtgjersle medlemar kr 735
- Godtgjering til leiar i kontrollutvalet kr 1.103 pr. møte

Samla rekneskap for kontroll og revisjon, budsjett 2016 berre for kontrollutvalet :

Konto	Tekst	Budsjett 2016	Budsjett 2015	Forbruk pr 29.7.2015	Rekneskap 2014
10800	Godtgjersle til folkevalde	35 000	35 000	11 394	19 175
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000	5 000	1 208	2 033
11000	Kontormateriell		0	768	3 904
11200	Anna forbruksmatr/tenester		15 000	9 664	15 846
11300	Post, bank, telefon		0	674	1 233
11500	Opplæring/kurs	20 000	10 000	0	0
11600	Reiseutgifter	5 000	5 000	0	1 256
11900	Leige av lokale		25 000	16 512	20 339
11950	Kontingent FKT	5 000	10 000	4 000	3 900
13500	Kjøp frå andre kommunar	0	685 000	0	630 366
13750	Kjøp frå IKS	0	180 000	141 000	155 372
	Samla drift kontrollutvalet	70 000	970 000	185 220	853 424
17900	Internsal		-40 000		-30 000
	Sum teneste 11000 Kontroll og revisjon		930 000		823 424

Det kunne vore ein fordel om utgiftene til kontrollutvalet vart ført på eiga teneste, som ein del kommunar gjer, og ikkje saman med revisjon. Rådmannen er ikkje innstilt på å dele eit så lite budsjett/rekneskap i to tenester.

SEKOM-sekretariat har føreslege auke i budsjettposten opplæring/kurs for 2016 med kr 10.000 sett i forhold til 2015. Vi reknar med at opplæring av det nye kontrollutvalet i hovudsak vert gjennomført på fylkessamling i januar 2016, slik som tidlegare. I tillegg er det naturleg at leiar og/eller andre i utvalet deltek på den årlege fagkonferansen som vert arrangert av Forum for Kontroll og Tilsyn 7.- 8. juni 2016.

SEKOM-sekretariat og KRYSS Revisjon vil gje informasjon og opplæring på første møte etter valet hausten 2015.

Gloppen kontrollutval tok i bruk nettbrett på møte i november 2014, og sidan nettbretta er så nye reknar vi med at dei går i arv til neste kontrollutvalet. SEKOM-sekretariat går elles ut frå at kontrollutvalet vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i Gloppen kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 029/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/347
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 4-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10	Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september.
Rutinar for avslutta investeringsprosjekt	02.12.2010 03.12.2010 13.12.2010 11.6.2012 23.8.2012	Sak 018/10 Tilråding til kommunestyret Saka sendt Gloppen kommune. Vedtak kommunestyre sak 057/10: - Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak. - Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast. I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektivt. Sak 025/12 vedtak: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune.

Orientering om rutinar for avslutning av investeringsprosjekt, og framdrift i arbeidet med økonomireglementet	24.8.2012	Brev til Gloppen kommune.
	30.11.2012	Sak 032/12 Orientering. Administrasjonen jobbar med økonomireglementet. Rådmann vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.
	5.2.2014	Sak 05/14 vedtak: Kontrollutvalet tek orienteringa om arbeidet med økonomireglement til vitande.
	20.8.2014	Sak 019/14 vedtak: Kontrollutvalet har ikkje merknader til orienteringa frå rådmannen. Økonomireglementet skal vere klart til 1. mars 2015.
	21.8.2014	Vedtak sendt til Gloppen kommune/rådmannen.
Forvaltningsrevisjon – Kommunal saksgang og dokumenthandtering.	20.8.2014	Sak 018/14 Tinging vedteken.
	21.8.2014	Sendt til kommunerevisjonen i Nordfjord.
	14.11.2014	Fått plan frå revisjonen.
	26.11.2014	Sak 028/14 Prosjektplan godkjent.
	29.1.2015	Fått rapporten frå revisjonen.
	18.3.2015	Sak 011/15 vedtak: Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Kommunal saksgang og dokumenthandtering i Gloppen», frå Kommunerevisjonen i Nordfjord, datert 29.1.2015. 1. Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp tilrådingane på side 5 og 6 i rapporten, og at sakshandsamingsreglementet og arkivinstruks vert oppdatert. 2. Kommunestyret ber også administrasjonen følgje miljøverndepartementet si anbefaling for saksgang i dispensasjonssaker jfr. side 22 og 23 i rapporten. 3. Saksbehandlingskapasitet må vurderast i samband med årsbudsjettet for Gloppen kommune. 4. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 1.1.2016 om kva som er gjort i forhold til oppfølging av tilrådingane i rapporten.
	19.3.2015	Sendt Gloppen kommune/kommunestyret.
	15.6.2015	Handsama i kommunestyret sak 032/15
005/15 Møteplan 2015 for Gloppen kontrollutval	4.2.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Gloppen kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:
	5.2.2015	4. februar, 18. mars, 5. juni, 16. september og 25. november. Tinga formannskapssalen for resterande møter i 2015.
010/15 Rådmannen orienterer om status for arbeidet med oppfølging av anbefalingar i forvaltningsrevisjonsrapport – vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune	18.3.2015	Vedtak: Rådmannen sin orientering om status for arbeidet med oppfølging av anbefalingar i forvaltningsrevisjonsrapporten – vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, vert teke til vitande. Kontrollutvalet ber rådmannen gi tilsvarande orientering til kommunestyret.
	19.3.2015	Sendt til Gloppen kommune/rådmannen
	15.6.2015	Handsama i kommunestyret sak 027/15
016/15 Uttale til rekneskapen 2014 for Gloppen kommune	5.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Gloppen kommune vert vedteken.
	8.6.2015	Sendt signert uttale og vedtak til formannskap/kommunestyre
	15.6.2015	Handsama i kommunestyret sak 030/15
017/15 Tinging av overordna analyse	5.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Gloppen kommune frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.
	8.6.2015	Sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord
	15.6.2015	Infobrev frå SEKOM-sekretariat om spørjeundersøking om overordna analyse til kommunestyret og kontrollutvalet vart referert i kommunestyret sak 026/15.

019/15 Eventuelt	5.6.2015	Vedtak: 1. Kontrollutvalsleieren refererte frå fagkonferansen for Forum for Kontroll og Tilsyn 3.-4. juni. 2. Kontrollutvalet viser til Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med Gloppen kommune – samhandling om utskriving av pasientar frå spesialhelsetenesta til kommunen datert 30.4.2015, og ber rådmannen informere om oppfølging av dette på neste møte. 3. Kontrollutvalet viser til rådmannen sin orientering om arbeidet med rekneskapen for 2014. Kontrollutvalet ber rådmannen på neste møte gje orientering og vurdering om tiltak som er sett i gang for å gjere kommunen mindre sårbar i høve handtering av budsjett og rekneskap. 4. SEKOM-sekretariat førebur sak om tinging av eigarskapskontroll til neste møte i kontrollutvalet 16. september.
	8.6.2015	Punkt 2 og 3 sendt til Gloppen kommune/rådmannen

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 16.09.2015	Saksnr 030/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/411
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).